

Ioannis Bruheim Markakis, NTNU

# **Finanskrisen i EU og Hellas**

Analyse av institusjoner, økonomisk styring og  
politiske endringer før og under krisen

Masteroppgave i Europastudier

Institutt for historiske studier

Fakultet for Det humanistiske fakultet

Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet

Trondheim, Mai 2016

### **FORORD**

Å skrive masteroppgåve har for meg vore eit spennande og lærerik prosess. Eg har fått auka innsikt i økonomiske, politiske og institusjonelle prosessar og innanfor både EU og Hellas. Eg har lært meg å tenke i større bilete der eg kan kombinere økonomi og politikk. Det er svært positivt for min del der studiet mitt går nettopp ut på dette. Å sjå fleire aspektar av eit samfunn, og finne dei beste løysningar på ulike scenarioar og situasjonar. Å kunne studere og skrive finanskrise har vore særst vanskelig, fordi det er så mange ulike teoriar og ingen enkel svar på den. Det er alltid rom for forbetringar i økonomistyring, mykje fordi samfunnet alltid er i endring.

Eg vil gjerne takke min rettleiar Jonas Scherner som var viktig til å dele mange interessante tankar og erfaringar til tross for ei travel arbeidskvardag. Han har hjulpet meg heilt sidan byrjinga av oppgåva, og har gitt meg heilt sidan då gode konstruktive og gode tilbakemeldingar som ga meg motivasjon for å stå på vidare.

Vidare vil eg takka vener og familie som har hjulpet meg som motivatorar gjennom dette semesteret. Det har i periodar vore utfordrande å jobbe med oppgåva, og dykk har vore viktige støttespelarar både under og utanom skrivinga.

Takk for meg

Trondheim, NTNU mai 2016

*Ioannis Bruheim Markakis*

---

# INNHALD

<b>FORORD .....</b>	<b>II</b>
<b>FIGURLISTE: .....</b>	<b>V</b>
<b>1 INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
1.1 ØKONOMISK KRISE OG SKEPSIS RUNDT HANDTERINGA .....	1
1.2 SPARETILTAK OG HELLAS SOM EKSEMPEL .....	2
1.3 TEORIER OG BRUK AV LITTERATUR .....	3
1.4 FORMÅLET MED OPPGÅVA OG OPPBYGGINGEN AV DEN .....	4
<b>2 TEORI .....</b>	<b>7</b>
2.1 ØKONOMISK INTEGRASJON MELLOM LAND.....	7
2.2 NYFUNKSJONALISME .....	8
2.4 NYFUNKSJONALISMEN I PRAKSIS.....	9
2.3 OPTIMAL CURRENCY AREA THEORY .....	11
2.5 FINANSIALISERING.....	12
<b>3 OPPRETNING AV DEN ØKONOMISKE OG MONETÆRE UNION.....</b>	<b>15</b>
3.1 KORLEIS VART DEN OPPRETTA, OG KVA VAR GRUNNENE TIL DET?.....	15
<b>4 EI ØKONOMISK ANALYSE AV HELLAS FRÅ 1990- Ei sør-europeisk krise? ....</b>	<b>19</b>
4.1 BETALINGSBALANSE OG HANDELSBALANSE .....	20
4.2 KAPITAL OG FINANSIELL BALANSE .....	24
4.3 GJELD .....	26
4.4 ARBEIDSLAUSE.....	27
4.5 KONKURRANSEKRAFT .....	29
4.6 KONKURRANSEKRAFT I FOKUS.....	30
4.7 SPAREPOLITIKKEN SOM FUNGERTE – EIT DØME PÅ SUKSESS FOR EU.....	31
<b>5. ANALYSEDEL .....</b>	<b>33</b>
5.1 EUROSONEN SINE INSTITUSJONELLE PROBLEMAR .....	33
5.2 ØKONOMISK UNION- KORLEIS EU BURDE FUNGERT I PRAKSIS? .....	34
5.3 GJELDSKRISE I SØR-EUROPA .....	35
5.3 ER ANDRE FORHOLD RELEVANTE?.....	36
5.4 HAR GJELDA OG FINANSIALISERINGPOLITIKKEN ØYDELAGT FOR EU?.....	37
<b>6 KRISEHANDTERINGA TIL EU .....</b>	<b>39</b>
6.1 EU SINE INSTITUSJONELLE SVAR PÅ KRISA.....	39
6.2 KORTSIKTIGE OG LANGSIKTIGE SVAR PÅ KRISA .....	40
<b>7 TEORIER RUNDT SPARETILRAKENE I HELLAS.....</b>	<b>43</b>

---

7.1 KRISE OG KRISEHANDTERING .....	43
7.2 PAUL KRUGMAN SITT SVAR PÅ KRISA I HELLAS.....	45
7.3 EDMUND PHELPS SINE TEORIER.....	47
<b>8 POLITISK OPINION RUNDT KRISEPAKKENE .....</b>	<b>49</b>
8.1 POLITISK OPINION I HELLAS.....	49
8.2 DEN FØRSTE PAKKEN .....	49
8.3 SAMMENDRAG AV POLITISK OPINION.....	55
<b>9 AVSLUTNING.....</b>	<b>57</b>
9.1 EIN ØKONOMI SOM IKKJE ER FULLKOMMEN .....	57
9.2 KONSEKVENSENE AV FINANSKRISA .....	58
<b>10 KONKLUSJON .....</b>	<b>61</b>
<b>11 LITTERATURLISTE .....</b>	<b>V</b>

**FIGURLISTE:**

Figur 1 - Utvikling i BNP i Hellas og Eurosonen frå 1990 til 2014 -----	20
Figur 2 - Betalingsbalansen til Hellas 1990 til 2014-----	21
Figur 3 - Handelsbalansen til Hellas og Eurosonen 1990 til 2015 -----	23
Figur 4 - Kapital og finansiell balanse til Hellas og Eurosonen til 2015 -----	25
Figur 5 - Gjeld i Hellas og Eurosonen frå 1990 til 2015 -----	26
Figur 6 - Arbeidslose i Hellas og Eurosonen frå 1990 til 2015 -----	28
Figur 7 - PIIGS-landa si samla GJELD/BNP utvikling -----	46

## 1 INNLEIING

### 1.1 ØKONOMISK KRISE OG SKEPSIS RUNDT HANDTERINGA

I 2007 braut det ut ei finansiell krise i USA, som sendte den Europeiske Union (heretter EU) og medlemslanda i eurosonen inn i ei krise. Denne krisa førte til at bankane i Europa kollapsa ettersom dei hadde tapt enorme summar på boligkrakket i USA. Krisa kom som ei overrasking på EU som organ, og klare institusjonelle og organisatoriske problem dukka opp. Dette var ei periode med sterk kontrast til den vekstperioden og den aukande levestandaren som EU og Eurosonen hadde i forkant av krisa. Kva var det som gjekk galt?

Var eurosonen kapable på å trygge valutaområdet, og kunne hadde dei nokre mottiltak viss ei økonomiske krise skulle inntreffe? Det vil vere interessant å analysere EU som organ, og spesielt finne ut korleis eurosonen er styrd. Først og fremst er det interessant å sjå nærare på oppstartinga av valutaen Euro i 1999. Eg vil prøve å finne ut om medlemslanda med svak økonomi bidrog til å forverre situasjonen eller ikkje. Svaret er nok ikkje så enkelt. Det er blant anna relevant å diskutere eller sjå nærare på dei institusjonelle og organisatoriske problema som EU kanskje hadde før krisa. Vart desse oppfatta som ei kriseårsak av EU, eller var det dei enkelte landa sine indre problemar som var årsakinga?

Eg vil bruke landet Hellas som eksempel på korleis finanskrisa råka EU, og vidare sjå både dei økonomiske og politiske reaksjonane innad landet. Det økonomiske vil eg først gjere ei analyse av økonomien til landet frå år 1990, og heilt fram til i dag. Dermed får eg ikkje berre ei oversikt av den økonomiske situasjonen før oppstartinga av eurosonen, men også under den. Utvikla den greske økonomien seg til å bli sterkare, eller vart den forverra?

Gjennom oppgåva mi har eg eit ynskje om å ta føre meg korleis EU, som union, har takla den økonomiske krisa som ramma Europa. For å finne ut kva EU oppfatta for å vere kriseårsaka, så vil det vere interessant å finne ut korleis EU reagerte under finanskrisa. Eg vil derfor sjå på EU sitt svar på dei økonomiske problema som dukka opp etterkvart som nokre av medlemslanda innanfor Eurosonen gjekk tom for kapital, slik som blant anna

Hellas gjorde i 2010. Gjeldskrisa som traff Eurosonen med full kraft det året manifesterer eit statisk og begrensa handlingsrom til å svara på dei asymmetriske sjokka, og debatten om gjelda som landa hadde opparbeida seg vart eit heitt tema.

### 1.2 SPARETILTAK OG HELLAS SOM EKSEMPEL

Vidare vil eg undersøke og diskutere om sparetiltaka som EU gjennomførte over store delar av Eurosonen, hadde noko innverknad på dei landa som allereie var gjeldstynga. Hellas er ikkje berre relevant i tida før finanskrisa, men også for kva konsekvensar dei sparetiltaka EU gjennomførte i Hellas hadde å seie. Var dette riktig politisk, eller kunne dette gjerast på ein heilt anna måte? Gjennom oppgåva mi vil eg prøva å finne svar på nettopp dette. Eg vil både sjå på det mikroøkonomiske forholda til Hellas under finanskrisa, men også dei sosiale. Folk mista jobbane sine som vidare førte til demografiske problemar. Kor store problem har kutta ført med seg?

Eg vil også undersøke det politiske effektane i landet gjennom redningspakkene. Korleis ønskjer Hella så løyse krisa som har råka landet? Det politiske er spesielt interessant å undersøke under og månaden etter Hellas godtok sparetiltaka som EU krevja. Dette skjedde to gonger frå 2010 til 2012, og dette er noko eg vil avgrense meg til for å analysere korleis media står politisk i forhold til dette. Det er fleire aviser i Hellas som kunne vere aktuelle, Kathimerini(Sentrumhøgre), Ethnos(høgre), TaNea(venstre), ToVima(venstre) og DimokratiaNews(høgresentrum). For å klare å finne ut korleis den greske opinionen står i forhold til krisa som har råka landet har eg valt å avgrense meg til to innverknadsrike aviser, To Vima og Kathimerini.

Kathimerini vart grunnlagt i 1919 av Georgios Vlachos, rett etter fyrste verdskrig. Avisa tilhøyrar fleire aksjeholdarar, men mesteparten er kontrollert av *Kathimerini S.A(90%)*. Avisa har også etablert seg også i USA, ettersom mange med greske genar likar å følgje med korleis det går i moderlandet. Avisa er tradisjonelt sett som ei politisk høgrevidd avis

der dei har ofte kritisert venstresida politisk. I dag er den på andre plass i antall lesarar, bak To Vima.<sup>1 2</sup>

To Vima vart for fyrste gong gitt ut i 1922, omtrent samtidig som Kathimerini. Grunnleggaren var Dimitris Lambrakis, og avisa tilhøyrer *Lambrakis Press Group*. Dei utgir også avisen Ta Nea. Avisa To Vima er anerkjent for å innehalde høg kvalitet på det dei skriv, der dei informerer folk om meir vanskelige politiske spørsmål som omhandlar landet. Avisa brukar ofte intervjuar i artiklane sine for å fram sterkare budskap. Av gresk politisk standpunkt, stiller avisa seg politisk mot sentrum-venstre. Dei har blant anna støtta partiet PASOK, mykje på grunn av at fleire av leiarane og ansatte er enten medlemar eller har støtta partiet gjennom valg. I dag er avisa den mest leste som web-avis, plassen framfor Kathimerini.<sup>3 4</sup>

### 1.3 TEORIER OG BRUK AV LITTERATUR

Eit interessant diskusjon som dukkar opp når vi skal komme fram til om konsekvensane til sparepolitikken til EU, er den korleis ein skal handtera problemfylte økonomiar. Harvard-økonomane Reinhart og Rogoff sine argument om at gjelda og offentlige utgiftene må ned for å få kontroll på ei dårleg økonomi, står i sterk kontrast til Krugman sitt syn på problemet. I boka han ga ut i 2012, ”End this Depression now!”, meiner han at ein økonomi som allereie er svak, ikkje skal bli endå svakare ved å kutte ytterligare sin økonomi, men heller gjennomgå reguleringar i økonomien for å forbetre den. Dette vil vere interessant i forhold til korleis EU handterte gjeldskrisen i EU. Eg vil bruke denne diskusjonen for å finne ut korleis Hellas sparepolitikk kan ha vore feilslått eller ikkje.

Denne diskusjonen tar ikkje med den reelle oppgåva med sparepolitikken, nemleg at den hadde som formål å bygge opp ei meir velfungerande institusjonelt apparat i kriselanda. Reformar som for eksempel Hellas måtte utføre for å få økonomisk hjelp av eurosone, har

---

<sup>1</sup> Top Newspapers in Greece(2016)

<sup>2</sup> Wikipedia, *Kathimerini*

<sup>3</sup> Wikipedia, *To Vima*

<sup>4</sup> International Media & Newspapers(2016) Top Newspapers in Greece



som formål å forbetre statsapparatet og gjere landet meir konkurransedyktig økonomisk på lang sikt. Her vil blant anna Sinn's monografi om eurokrisa "The Euro Trap" (2014) vere viktig. Han tar opp viktige punkt på korleis ulike statar sine økonomiar innad eurosonene er i forhold til kvarandre. Han tar opp viktige bevis på korleis Hellas blant anna mista sine konkurransefortrinn i løpet av perioden innad eurosonen. Fleire artiklar av Edmund Phelps er også viktige for å få ei tyngre motargument mot Krugman. Edmund Phelps er kjent for å vere ein ekspert innanfor mikrogrunnlaget for makroøkonomi, effektar av lønns-og prisforventningar, samt naturleg arbeidslause <sup>5</sup>

Eg har også anna litteratur som eg har tenkt på å bruke, er først og fremst to bøker som ei tilføyning av mine viktigaste litteratur som eg har nemnt før. Dette er Claes, D.H., Hveem, H. & Tranøy, B.S. sin bok (2012) Global økonomi, krise og politisk styring. Vidare har eg også brukt Austvik, Ole Gunnar; Bredesen, Ivar; Vårdal, Erling sin bok frå (2002): Internasjonal handel og økonomisk integrasjon. Desse bøkene prøver å halde seg på ei objektiv synsvinkel, og bidrar i oppgåva med å forklare meg korleis blant anna EU og Eurosonen fungerer som union og monetær union på ei enkel måte.

### 1.4 FORMÅLET MED OPPGÅVA OG OPPBYGGINGEN AV DEN

Det er fleire problemstillingar eg har tenkt over, og eg vil komme inn i dei fleste av dei i denne oppgåva. Oppgåva mi vil vere brei, der eg vil ta for meg økonomiske, politiske, og dei institusjonelle forholda til eurosonen og landet Hellas :

1. *Kva var dei institusjonelle forholda til eurosonen under 2000-talet?*
2. *Kva slags økonomi hadde Hellas før finanskrisa, og var den bærekraftig?*
3. *Kva svar ga EU til krisa, og korleis handterte dei krisa i Hellas?*
4. *Korleis har den politiske opinionen i Hellas utvikla seg under dei to fyrste sparetiltaka?*
5. *Korleis løyse krisa, og kva er positivt og negativt med dei ulike økonomiske teoriane?*

---

<sup>5</sup> Wikipedia ([https://no.wikipedia.org/wiki/Edmund\\_Phelps](https://no.wikipedia.org/wiki/Edmund_Phelps))

Denne oppgåva har heile 11 kapitler med litteraturlista. Den første er som sagt innleinga og noko me har allereie tatt for oss no i starten. Kapittel 2 er enkle økonomiske teoriar som det enten er verdt å kjenne til, eller som eg nemner undervegs i oppgåva. Kapittel 3 er ei kort historisk utvikling for opprettinga av eurosonen, noko som eg meiner er viktig å ha med som start. Kapittel 4 er meir komplisert og lang ettersom eg tar for den greske økonomien frå 1990- og fram til i dag. I tillegg diskuterer eg og samanliknar den greske økonomien mot andre europeiske land, deriblant dei nye aust-blokk landa.

Kapittel 5 er meir analysedel der eg tar for meg dei institusjonelle problemene innad eurosonen, samt korleis gjeldskrisa i Sør-Europa utvikla seg. Videre er dette eit kapittel der eg byrjar diskusjonen og teoretiske tilnærmingar rundt finanskrisa. Kapittel 6 er ei framlegg av kva EU meinte var kriseårsakinga i Hellas, og kva dei gjorde for å redde den greske økonomien. Kapittel 7 omhandlar om ein teori som Krugman la fram i 2011 og i ettertid. Han meiner EU sin handtering av krisa i Hellas var feil, og dette vil vere den teoretiske motargumentet. I tillegg har eg tatt for meg kva økonomen Edmund Phelps meiner om krisa i Hellas, og kva han meiner er kriseårsakinga.

Heilt til slutt vil eg sjå på den politiske opinion i Hellas gjennom avislesing av Kathimerini og To Vima under dei to fyrste pakkene. Dette vil vere i kapittel 8. Kapittel 9 vil omhandle ei form for avslutning på oppgåva. Eg kjem med nokre nye opplysningar rundt pensjonsforholda som har vorte svært mykje kritisert av EU og økonomar. Like før konklusjonen som er kapittel 10, vil eg kort nemne konsekvensane av sparetiltaka i Hellas.



## 2 TEORI

### 2.1 ØKONOMISK INTEGRASJON MELLOM LAND

Begrepet integrasjon kan bli forklart som ein prosess ”der suverenitet overføres frå nasjonale myndigheter til fellesorganer”<sup>6</sup> Økonomisk integrasjon inneberer generelt at mindre einheitlar blir slått saman heilt, eller delvis til større einheitlar. Internasjonal økonomisk integrasjon handlar om at hindringane for handel mellom land byggast ned eller fjernast, og dette blir ofte kalla for negativ integrasjon. Dette er integrasjon som er vorte skapt av menneskjene for få til ei tettare samarbeid mellom landa. Økonomiar som er fullt integrert med kvarandre har ingen trygghet eller sikkerheit av nasjonale industrier eller direkte/indirekte handelshindrande arrangement seg imellom.<sup>7</sup>

Positiv integrasjon er derimot ein forlenging av den negative integrasjonen ved at den i større grad trekkar inn element av aktive politiske inngrep og integrasjonsbygging. Vidare kan integrasjonen vera spesifisert for ein sektor eller for heile marknaden. Når me snakkar om EU vil dette gjelde organisasjonen ved at handel vil føra til auka konkurranse på tvers av grensene, samtidig som det vil føra til teknologiske stordriftsfordelar lettare kan utnyttast.<sup>8</sup>

Gjensidig økonomisk avhengigheit er noko som kjem av den økonomiske integrasjonsprosessen. Mellom økonomisk integrerte land som for eksempel innad EU og Eurosonen vil ei endring i inntekt i eit land føre til at inntekta til andre land også blir endra. Dess meir open ein økonomi er, dess sterkare vil landet påverkast av den økonomiske utviklinga i andre land. Dermed vil interessa til kvar enkelt land vere at andre land skal “gå bra”.<sup>9</sup>

---

<sup>6</sup> Claes, 2012, s 217

<sup>7</sup> Austvik, 2002, s 306

<sup>8</sup> Austvik, 2002, s 160

<sup>9</sup> Austvik, 2002, s 316

### 2.2 NYFUNKSJONALISME

Denne teorien er utvikla og vidareutvikla mellom 1955 og 1975, ei periode der det skjedde ei enorm integrasjonsendring i Europa. Den er utvikla av blant anna Ernst B. Haas, Phillippe Schmitter, Leon Lindberg, Stuart Scheingold, Donald Puchala og mange andre. Teorien går ut på å gi ei generell forklaring på korleis den europeiske integrasjonen har utvikla seg og korleis den vil utvikle seg. Integrasjonen kjem til å vere sjølvdriven og grunnlaget for dette er konseptet «spillover» der dei første steg mot integrering utløysar ei økonomisk og politisk dynamikk som vidare førar til tettare samarbeid.<sup>10</sup>

Nasjonalstatane er ikkje dei sentrale aktøra i denne teorien mykje på grunn av at innanrikspolitikken vil vere noko som vil forsvinne ettersom integrasjonen vil utvikle seg stadig. Leiarrolla her vil vere næringslivet og den politiske toppen innanfor EU. Det som er viktig å nemne med denne teorien, er at den eigentleg har som rykte for at ikkje har slått gjennom endå, noko som eg gjerne har lyst diskutere ettersom eg meiner finanskrisa kanskje gjort det mogleg å gjenreise denne teorien.<sup>11</sup>

Nyfunksjonalismen forklarar integrasjonsprosessen gjennom to typar «spillover». Dette er gjennom dei funksjonelle/økonomiske og dei politiske faktorane. Den funksjonelle er derimot den viktigaste, der stordriftsfordelar blir trukka fram som viktige årsaker til auka integrasjon. Moderne industrisamfunn har store fordelar med moderne produksjon-, distribusjons-, og kommunikasjonsteknologi som gjer sjølv dei største landa i Europa for små til å fungere maksimalt og mest effektivt. Funksjonell *spillover* oppstår når ufullstendig integrasjon undervurderar effektiviteten til den eksisterande politikken i områdar som allereie er delvis integrert og i sektorar som er knytta til økonomien. Dermed førar det økonomien som er avhengig for utvidelse, eit press mot politisk koordinering som krevjar utviding av den eksisterande marknaden.

Det er derimot ei svakheit med denne integrasjonsutviklinga. Når moderne økonomiar blir samankobla på ei slik måte som det har skjedd med for eksempel EU, så vil dette føre til skeivheit innanfor unionen. Suverenitet og integrering blir også ustabil, og med

---

<sup>10</sup> Moravcsik 1993, s 474

<sup>11</sup> Claes og Førland 2010, s 35

manglande kontinuerleg politisk koordinasjon vil ikkje integrasjonen vere lønsamt for alle. Me kan seie at funksjonell spillover skapar ei integrasjon nedanifrå frå einheitlar som økonomien i eit fungerande samfunn byggjar på. Politisk spillover er derimot noko som skjer ovanifrå fordi det er frå dei som er satt til å styre dei felles institusjonane og politikken som førar til meir integrasjon. Sidan sektorane i økonomien hengar så tett saman, så blir dette bindeleddet mellom funksjonell og politisk spillover. Dette vil vidare føre til at leiarane vil gi etter for meir integrasjon, og dei vil bli pådrivera i ei integrasjonsprosess.<sup>12</sup>

### 2.4 NYFUNKSJONALISMEN I PRAKSIS

Når handelshindringar på ei rekke varar og tenestar blir eliminert mellom medlemslanda, men som det blir satt avgrensingar på avtalte varar, blir det kalla ei frihandelsområde. Forbrukarar kan no kjøpe ein vare frå den mest konkurransedyktige tilbydaren innanfor heile frihandelsområdet. I dette stadiet vil kvart land ha eigne handelspolitikk mot land som ikkje er med i ei slik frihandelsområde. Det europeiske frihandelsforbundet (EFTA) er eit eksempel på eit slikt samarbeid mellom land.

Tollunion er vidare noko som fjerner eit til handelshindring. Det er frihandel med varar og tenestar slik som med eit frihandelsområde, men som i tillegg finnes ei felles trygging ovanfor tredjeland. Dette fjernar eit problem som omhandla opprinnelegsdokumentar. Varar som blir tatt inn i eit land kan no fritt fraktast til eit anna land innanfor unionen. Europeiske fellesskap (EF) var i praksis eit tollunion heilt fram til etableringa av Det indre markedet i 1993. Etter Romatraktaten i 1958, tok det heile 10 år før alle tollsatsar var fjerna og at felles tollsatsar vart etablert.<sup>13</sup> Dette passar dårlig inn i nyfunksjonalismen, fordi tollunion inneberar full integrasjon i alle sektorar, og ikkje i hovudsektoren som omhandla kun Kull-og stålfelleskapet. Den sektoren som vart mest integrert som følge av European Economic Community, var jordbruket.

Sjølv om det vart ei enorm integrasjonsendring, så fjerna det ikkje problema med dei ikkje-tariffelle hindringane. Landa kunne innføre ei rekke ikkje-tariffelle handelshindringar slik

---

<sup>12</sup> Claes og Førland 2010, s 36

<sup>13</sup> Claes og Førland 2010, s 36-37

som subsidiar, byråkratiske favoriseringar osv. Dette gir behov for harmonisering av konkurranse, og meir integrasjon i form av retning fellesmarknad. Gjennom heile 1970- og 1980-talet vart ei rekke slike ikkje-tariffere hindringar etablert i EU, slik som for eksempel ulike lovreglar og administrative barrierar eller reguleringar som erstatning for dei fjerna formelle og tradisjonelle hindringane.<sup>14</sup>

Det store endringa i Europa skjedde når EU innførte eit felles marked innanfor unionen med Enhetsakten i 1986. Det er lett å finne politisk spillover her på grunn av prosessen som leda fram til det. Både den Europeiske Kommissjonen, Europeiske Parlamentet og Domstolen var viktige pådrivera til auka integrasjon. Eit fellesmarknad vart til. Produsjonsfaktorar som fri flyt av varar, arbeidskraft, kapital og tenester kom no under samme marknad. Felles ytre tollsatsar på produktar men mindre friheit ovanfor tredjeland er nødvendig ettersom marknadane skal fungere optimalt. Det er i tillegg felles politikk i områder som i realiteten virkar hindrande for fri flyt av varar. Ei harmoniserende politikk skal gi enkelte land spesielle fordelar i samhandelen med andre. Vidare vil det også innførast minstemål for sosialpolitiske standardar, i tillegg til hindring av visse lands subsidier. Alt dette skal hindre «urettferdig» konkurransefortrinn. Eit godt døme på ei slik fellesmarknad, er EØS-avtalen mellom Norge og EU. Konsekvensen av etableringa av eit fellesmarknad kan vere at ein økonomisk union pressast fram før eller seinare. I eit monetært union legg ein vekt på å stimulere og lansere den økonomiske veksten. Dette kjem eg meir inn på i neste avsnitt.<sup>15</sup>

Når EU innførte valutaen euroen, vart eurosone skapt og dermed eit økonomisk union. Ei slik type union skal i prinsippet vere eit område der økonomisk politikk er harmonisert med felles toll og åpne marknader, i tillegg til eit felles sentralbank. Eit større eller mindre del av den samla økonomien administrerast gjennom dei nasjonale organa, eller så overførast dei til felles institusjonar. Eg meiner dette er delvis oppfylt på grunn av at det manglar ei felles finanspolitikk. Nyfunksjonalismen og serleg spillover-effekten gjorde det mogleg å innføre euroen som valuta og fjerne handelshindringar som hadde med valutasvingingar å gjere. Det som er gløymt, er at det er også viktigå skape ei viss følelse av felles identitet som bør

---

<sup>14</sup> Claes og Førland 2010, s 36-37

<sup>15</sup> Claes og Førland 2010, s 36-37

gå på tvers av grensene. Med slik integrasjon av valutaen, ville då kanskje ikkje dei sør-europeiske landa si gjeldskrise utvikle seg til eurokrise.

Dette kan eg stadfeste ved at vekselsraten og fordelinga av pengepolitikken til den Europeiske Sentralbanken har ført til at EU har fratatt dei nasjonale regjeringane fleire virkemidlar til å stimulere deira økonomi for å skape nødvendig vekst. Det indre markedet til eurosonen kan virke som det er eit slags funksjonelt spillover frå steget frå tollunionen. Etter at toll og kvotene vart fjerna, vart det tydeleg at det vart eit eit stort vakum som vart fylt opp med dysfunksjonelle andre typar handelshindringar.<sup>16</sup>

Politisk union er eit skritt lenger, der felles forsvarspolitikkk blir ein naturleg vidareføring av integrasjonsprosessen. I tillegg vil det vere felles utanriks- og sikkerheitspolitikk, samt nært samarbeid i politi og justissektoren. I EU sine tilfelle vil dette gjelde Schengen-avtalen. Generelt så vil denne type union innebera stor grad av samanslåing av dei involverte lands økonomiske politikken, slik som for eksempel ein konføderasjon er. Vidare kan ei konføderasjon vorte føderasjon med ei felles regjering for alle deltakande land. Her er naturlegvis EU på langt nær til å oppfylle. Dømer på dette er land som USA, Tyskland og Canada.

### **2.3 OPTIMAL CURRENCY AREA THEORY**

Ei god teori for teori å forklare og vurdere om ein valuta er optimalt egna for eit monetær union, er Optimal Currency Area (OCA). Dette er ei teori som vart utvikla av Mundell (1961) der teorien er brukt til diskutere eit lands fordelar ved å vedta felles valuta i forhold til deira nasjonale kostnader ved å erstatte deira valuta-,og økonomiske uavhengigheit. Fordelene er som oftast større for land som har ei åpen økonomi og som har handel som er svært avhengige av statar som er også er villige til å vere med i ei monetær union. Samtidig meiner teorien at eit optimalt valutaområde består av land med lik næringsstruktur. Grunnen til det er at når først varemaknadar vil bli utsatt for sjokk i økonomien, så vil landa som inngår i ei samla fastkursordning bli utsatt for sjokk på lik linje. Landa har derfor behov for same konjunkturpolitikk. Dette ser me blant anna ikkje er faktum i eurosonen, og dette kjem eg tilbake til seinare i oppgåva mi.

---

<sup>16</sup> Claes og Førland 2010, s 36-37



Viss me ser på den negative siden med dette, så er kostnadane høgare når det er asymmetrisk sjokk i økonomien til land som har ulik næringsstruktur. Landa kan ikkje justera økonomien for å hindre skadane, ettersom dei mistar ei rekke mekanismar som er er veldig viktige i slike situasjonar. Desse mekanismene er mobilitet av arbeidskraft, prislønnsfleksibilitet, tilsvarande inflasjon, økonomisk integrasjon, fiskal integrasjon og politisk integrasjon.<sup>17</sup>

Ei svakheit med denne teorien, er at den ikkje fullstendig i si vurdering av korleis eit monetær union kan fungere i praksis. Den trenger ikkje understreke kva slags faktorar som er viktigast, men eg manglar ei stadfesting på kor mange av punkta som er nødvendige for å konkludere om eit monetært union er ein optimal valutaområde.<sup>18</sup>

Det som vil vere interessant å ta opp, er i kva grad ei slik kritikk var med i begrunnelsen for opprettinga av eurosonen. Sjølv om fleire forskarar var einige om at eurosonen ikkje var eit optimalt valutaområde i oppstarten, så såg partnane bort frå frå det. Dei meinte speiselt at med felles valuta så vil det styrka handelen som vidare vil føre til at OCA-kriteriane vil bli oppfylt over tid. Eige valuta vil vere svært gunstig i dårlige økonomiske tider, slik som for eksempel med Belgia i 1981.<sup>19</sup>

Ettersom statane i eurosonen ikkje har denne moglegheita, så vil einaste moglegheita for dei vere å omstille den indre økonomien. Dette kan vere vanskeleg i ein monetær union som eurosonen, ettersom fleire land er avhengige av kvarandre på grunn av euroen. I tillegg kan omstillingar i andre land få ringvirkningar for dei andre medlemslanda. Det blir på ein måte veldig halveges.

### 2.5 FINANSIALISERING

Det som meinast med finansialisering er at ein større del av overskotet blir brukt i finanssektoren. Finansielle investeringar har vorte viktigare innanfor produksjonen, og vil derfor vera ei drivande kraft innanfor samfunnet som det blir investert i. Det negative er at økonomien blir meir forgjelda mykje på grunn av det blir vorte investert med lånte pengar.

---

<sup>17</sup> Austvik 2012, s 288

<sup>18</sup> Van Overveldt 2011, s 64

<sup>19</sup> Van Overveldt 2011, s 60

Salg og mekling blir vorte sett på som sektorens kjernevirksomheit og som viktigare enn dei tradisjonelle banktenestene. Dette førar til at med hjelp frå den globaliserte og finansielle økonomiske tilgangen til andre marknader førar bankar ut i den store verda. Det dannast eit meir globalisert finansmarknad, tettare samansveisa av verdipapirar av handel og lån. Når denne sektoren veks, så vil også gjeldsgraden i samfunnet vekse samanhengande.<sup>20</sup>

Økonomien har vorte meir spekulativ som følge av at finansialiseringsprosessen også har vorte drevet av ei rekke finansielle innovasjonar som derivater og verdipapirar. Kjøp av derivater gir bankar moglegheit for å kunne sikra seg mot både opp og nedgangar i verdiane til dei aksjane eller marknadane dei investerer i.<sup>21</sup>

I neste kapittel skal eg ta ein kort historisk utvikling om EU og tanken rundt eit felles valuta. Det var spesielt etter andre verdskrig at den politiske prosessen rundt eit felles marked, vart til.

22

---

<sup>20</sup> Claes, 2012, s 206-207

<sup>21</sup> Regjeringen, 2011

<sup>22</sup> Wikrent Anthony K. 2007



## 3 OPPRETNING AV DEN ØKONOMISKE OG MONETÆRE UNION

### 3.1 KORLEIS VART DEN OPPRETTA, OG KVA VAR GRUNNENE TIL DET?

Heilt fram til byrjinga av 1900-tallet var det gullstandard som var valutaen som vart brukt til å måle ei stat sin velstand. Etterkvart som det var auka handel mellom koloniar og ikkje minst mellom imperiene i Europa, vart penger i form av papir meir populært. Gullstandaren kollapsa totalt i 1914 då fyrste verdskrig braut ut. Etter langvarig krig vart også gullstandaren og finansmarknadene svært proteksjonistiske. Store gjeldsproblemene førte til at priser på varar vart holdt stabile, samtidig som det vart printa meir penger som skulle auka handel og investeringar. Dette førte til store inflasjonar rundt om Europa, der blant anna land som Tyskland, Ungarn og Hellas opplevde månedlege inflasjonsratar på 1000 % eller meir tidleg i 1920-talet. Gullstandaren vart igjenført under 1920-talet, men den kollapsa under den Store Depresjonen på slutten av 1920-talet/byrjinga av 1930-talet.

Det var ingen klar visjon korleis papirutgaven kunne fungere i praksis, ettersom statar ikkje hadde felles politikk. Europeiske statar hadde sine egne økonomiske politikk, som førte til at dei sleit både økonomisk og politisk i ettertid. Dei fleste kan vere enige at dette var ein av grunnene til at to verdskrig braut ut.<sup>23</sup>

Tanken rundt ein felles føderasjon eller monetær union har hatt ei lang historie, men det endelege siste dytten for opprettinga, var tida etter andre verdskrig. Europa hadde då opplevd økonomiske krise gjennom lite integrasjon mellom land, to verdskriger, og ikkje minst enorme tap av menneskeliv. Promotørene for ei slik føderasjon hadde ei klart argument for å få det til, nettopp for å kunne forhindre desse tilstandene igjen. Målet var å lage eit system der dei europeiske statane ikkje lenger måtte følge destruktiv politikk i finansmarkedene. Den franske utanriksministeren kom med sin Schuman-deklarasjon frå 9 mai 1950 der han hintar om ei slik samarbeid. Gjennom handel mellom Tyskland og Frankrike, kunne ei eventuell krig ikkje vere usansynleg, men materielt umulig. Ei kål og stål-union der begge er avhengige av kvarandre, kunne i det minste vere ”det første steget” for eit samla Europa. Denne deklarasjonen førte til at Det Europeiske kål- og stålunion vart

---

<sup>23</sup> Richard Baldwin/Charles Wyplosz , s 383-384

oppretta i 1951, med heile seks land: Frankrike, Vest-Tyskland, Italia, Nederland, Belgia og Luxembourg. Gjennom felles infrastruktur håpet man på at ei eventuell krig ville då vere utenkelig, og gjennom ei institusjonelt rammeverk med overnasjonale trekk, var byrjinga av EU og eurosonen i gang allereie då.<sup>24</sup>

Etter krigen opplevde dei vest-europeiske statane stort sett økonomisk vekst. Bretton Woods vart skriven under på alleriere under andre verdenskrig av seierherrene. Det vart eit kollektivt aksept av at den Keynesianske økonomiske modellen var den rette for å forhindre krig og igjen bygge opp Europa igjen. Denne modellen handla om at investeringer i sine eigne land, auke i velferda til befolkninga, og sat osiale rerformar skulle sikre jobb til dei fleste innbyggjarane. Denne modellen vart derimot etterkvart anklaga for å ha skylden for ei vedvarande inflasjons skeivhet i Europa, som vidare førar til forskjellige prisar på varar. Dette var på slutten av 1960-talet/byrjinga av 1970-talet.<sup>25</sup>

For å få i gang debatten, måtte dei leiande økonomiske hjernene i Europe vere med på laget. Det første forsøket på å skape ei felles monetær union kom først på bordet gjennom ei toppmøte i European Economic Community (EEC) i Haag 1969. Det var lite vilje å spore, og med to gigantiske oljekriser på 1970-talet bedra ikkje interessen. Landa i Europa byrja med tiltak som skulle basere seg på eigeninteresse for å ikkje havne i ytterligere krise. Dette var veldig skadeleg for integrasjonen mellom statane i Europa, og Europakommisjonen uttalte midten av 80-tallet at Europa ikkje var nærare integrert enn det den var for 25 år siden. Det gikk i feil retning.<sup>26</sup>

Etterkvart som økonomiene i Europa bygde seg opp og det vart meir handel på tvers av grenser, vart det ei større aksept om at integrasjonen mellom land måtte forbedrast for å ikkje få for store svingingar i prisene på varer og finansmarkedene. Det var derimot ikkje før byrjinga av 1980-talet at vart det ei auka samhandling om at ei endring i det makroøkonomiske regimet var nødvendig for å få ei samla økonomisk stabilitet over heile Europa.<sup>27</sup>

---

<sup>24</sup> Spolare 2013, s 126

<sup>25</sup> Batilossi, Peck, Kling, 2008, s 3

<sup>26</sup> Overveldt 2011, s 25

<sup>27</sup> Batilossi, Peck, Kling, 2008, s 3

Gjennom geopolitiske forhold som i dette sammenheng er grensehandel mellom Frankrike og Tyskland, satte også farten på tanken om felles økonomisk marknad. Frankrike generelt var aldri “fan” av eit sterkt og samla Tyskland, for dei var allfor økonomisk mektige. Dette førte Frankrike i djup krise på 70-talet, der Frankrike ikkje såg anna utveg enn å få ei løysning med Tyskland der dei skulle dele same valuta. Dette ville sikre Frankrike ei viss økonomisk trygghet, samtidig som dei no slap å forholde seg til korleis den tyske økonomien utvikla seg i forhold til den mindre avanserte franske. Dette var noko som kunne lønne seg både for tyskarane og franskmennene.<sup>28</sup> Maastrichtavtalen vart signert desember 1991. Poenget å få med seg, er at i tillegg til økonomiske fordelar, var det først og fremst politisk vilje som skulle føre til at avtalen vart signert.

#### 3.2 KVIFOR DJUPARE INTEGRASJON?

Først og fremst handla det om å forhindre krig og proteksjonisme i Europa, slik det var i mellomkrigstida. Ei auka handelsintegrasjon mellom land, vil føre til at visse institusjonar blir etablert som vidare aukar samhandlinga mellom land. Dette vil føre til bedre kommunikasjon, samarbeid, og ikkje minst økonomisk vekst på lengre sikt. Bilaterale avtalar mellom land, slik som det var i den tidlige fasen i eurosonen, var svært effective til å fremme fred i framtida. I ettertid har det visst seg at auka integrasjon har spelt ei svært stor rolle i å passifisere Europa.<sup>29</sup>

Skrur me tida fram mot byrjinga av 2000-talet då eurosonen vart etablert, var tanken med ei felles valuta at usikkerheita i valutakursane vil falle bort. Samtidig får unionen ein meir oversiktlig prissetjing, auka konkurranse og effektivitetsgevinster. Eurosonen skapar med det ei ny ramme for utforminga av den økonomiske politikken ettersom det meste blir vorte styrt via den Europeiske Sentralbanken (ESB). Det som er negativt med dette, er at med felles valuta så mistar deltakarlanda moglegheita til å bruka renta og valutakursen som virkemiddel i den nasjonale økonomien.<sup>30</sup>

---

<sup>28</sup> Overveldt 2011, s 30

<sup>29</sup> Spolare 2013, s 141

<sup>30</sup> Austvik, 2002, s 336

---

Små land derimot, med store banksektorar, tjener på å ha felles valutaområde med andre land. Dei stod imot finanskrisa på ein bedre måte ettersom dei hadde eit proaktiv paraply med andre større land i EU og eurosonen. Nils Bernstein som var sjefen for Den Danske Sentralbanken meinte at Danmark tapte på å ikkje vere med i eurosamarbeidet. Det var store gevinster på å vere sammen med resten av eurososamarbeidet, ettersom landet kunne trygje seg på deira valutainfrastruktur og styringar.<sup>31</sup>

I den monetære unionen er det ESB og dei nasjonale sentralbankane som kan utstede pengesedlar. Dei kontrollerar den samla pengemengda, styrar over rentepolitikken, tar over dei nasjonale valutaeservane og bruke dei til å stabilisera euroen ovanfor andre valutaer. Dette vil bety at det ESB er ansvarleg for pengepolitikken på vegne av medlemslanda. Det vil også vere opp til ESB å tolke kva som skal forstås med ”prisstabilitet”. ESB vil derfor vere uavhengige både i forhold til myndigheiter på nasjonalt nivå og på fellesskapsnivå, og vil dermed gi banken ein sterk stilling i utforminga av den samla økonomiske politikken i Eurosonen.

Finanspolitikken skal fortsatt styrast på nasjonalt nivå ifølge ESB. Dette har vorte diskutert spesielt etter overgangen av felles pengepolitikk. Med felles pengepolitikk vil ikkje medlemslanda oppleve same verknad på rentenivået som før viss landet skulle vere i situasjon med underskot i sine budsjetter. Dette vil kunne freista medlemslanda til mindre disiplin i finanspolitikken, som vidare vil kunne pressa opp det felles rentenivået på euroen. Dette vil føre til at dei andre landa også blir ramma. Eurosonen inneber som konsekvens også større grad av samordning av deltakarlanda finanspolitikken.<sup>32</sup>

---

<sup>31</sup> Overtveldt 2009, s 54

<sup>32</sup> Austvik, 2002, s 337

## 4 EI ØKONOMISK ANALYSE AV HELLAS FRÅ 1990- Ei sør-europeisk krise?

Denne delen av masteren skal vere med å belyse effektene av innføring av Euro i landet Hellas, og eg vil først og fremst legge grunnlaget mitt i oppgåva på statistikk frå primærkilder som Eurostat, OECD og IMF, men også frå ulike bøker. Årspanninga som statistikken vil handle om, vil vere frå 1990- og fram til idag. Med dette kan eg sjå den økonomiske utviklinga i Hellas før Euroen vart innført i starten av 2000-talet, og så vidare etter innføringa. Landet vart medlem i EU allereie i 1981, og vart den tiende staten innanfor unionen. Dette skulle gi landet auka investeringar og auka bruttonasjonalprodukt.

Før eurosoneen vart oppretta 1 januar 1999, var det samla bestemt å løfte dei mindre konkurransedyktige medlemslanda opp og fram. Land som Hellas, Portugal, Irland og Spania skulle modernisere deira økonomiar, og auke konkurransekrafta gjennom strukturelle reformar. Til og med Lucas Papademos som var leiaren for den greske sentralbanken 1994-2002 og statsminister for Hellas mellom 2011-2012, stadfesta det samme under ei tale i 2001.<sup>33</sup>

Når Hellas vart ein del av eurosoneen, vil sentralbanken i Hellas starte arbeidet som Den Europeiske Sentralbanken ønskte. Ettersom Hellas mista sin eigen valuta, må Hellas derfor auke konkurransekrafta gjennom strukturelle reformar og skattemessige tiltak med euro som deira nye valuta. Dette vil føre til forbedra konkurransekraft internasjonalt og ikkje minst auka produktivitet i landet. Videre vil det føre til at greske tenestar og varar får betre kvalitet, og ei prisstabilitet i landet som Hellas vil nyte godt av.<sup>34</sup>

Eg vil starte med å sjå på bruttonasjonalproduktet, mykje fordi den gir oss eit lite bilde av korleis den økonomiske utviklinga i landet er. GDP (frå no av BNP), er ein indikator for samla verdiskaping i eit land, men som samtidig gir ei bilete for opptjent bruttoinntekt frå innlands produksjon. Ser me på tallene som eg har funnet om Hellas, har landet frå år 1990, hatt ei klar stigning. Faktisk så har Hellas hatt ei sterkare vekst i BNP enn resten av

---


<sup>33</sup> Villaverde, Garicano, Santos . 2013 s 145

<sup>34</sup> Villaverde, Garicano, Santos . 2013 s 146



eurosonen etter innføringa av euroen. Det var ingen som helst tvil i følge BNP at Hellas opplevde vekst under eurosonen. Gjennomsnittet pr. år var på heile 2 %, med toppen 6% like før OL i 2003.<sup>35</sup>

Etter 2008 har det derimot gått verre med Hellas, og BNP har sunket tilbake der den var i 2002. I resten av eurosonen har det derimot gått oppover. Kvifor Hellas har hatt ei meir trøblete veg ut av krisa, kjem eg tilbake til seinare i oppgåva.



Figur 1 - Utvikling i BNP i Hellas og Eurosonen fra 1990 til 2014

<sup>36</sup>

### 4.1 BETALINGSBALANSE OG HANDELSBALANSE

Frå starten av av perioden, og frem til finanskrisen som inntraff, har Hellas hatt ein negative betalingsbalanse (Figur 2). Dette er noko som omhandlar handelsbalanse, og finansiell/kapital balanse. Det som viser gjennom heile tidsperioden 1990 til idag, er at Hellas har berre gått meir og meir i minus i betalingsbalansen. I 1994 var underskortet på ca -2% av den totale GDP, i 2000 på -8%. Etter innføringa av Euroen bedra situasjonen seg ved at den steig til -6%, men den sank igjen når Hellas nådde -14% i 2008. Som ei oppsummering, auka utgiftene og gjelda til Hellas betrakteleg under eurosonen, til tross for


<sup>35</sup> Villaverde, Garicano, Santos . 2013 s 158

<sup>36</sup> Organisation for Economic Co-operation and Development(2015)

auke i BNP. Den eksterne gjelda auka frå 42,7 % i år 2000, til heile 82,5 % i 2009. Til samanligning frå Spania og Irland som hadde gjeld i privat sektor, låg gjelda i Hellas på offentlig sektor. Altså landet i seg sjølv.<sup>37</sup>

Importen og eksporten kollapsa når finanskrisa traff Hellas, spesielt importen. Hellas har fortsatt ikkje nådd same nivåene som dei hadde før finanskrisa, sammen med Kypros og Italia. Irland, Spania og Portugal har derimot fått ein vekst i bade importen og eksporten, og kan seies å vere på klar veg opp igjen.<sup>38</sup>

Når ting starta å kollapse overalt i Europa, måtte Eurosonen ta raske grep, og valgte å gjere store endringar i dei økonomiske forholda i ei rekke land. I Hellas gjaldt å kutte det offentlige budsjettet ettersom det var her største delen av gjelda låg. Dette ser vi igjen klart i grafen der forholda betra seg dramatisk når det gjelder betalingsbalansen.



Figur 2 - Betalingsbalansen til Hellas 1990 til 2014<sup>39</sup>

Finanskrisa har no vart i over sju år, og kutta som gjorde mogleg å forbedre betalingsbalansen, har ført til at arbeidslausa steig kraftig. Kriselanda i eurosonen som i

<sup>37</sup> Villaverde, Garicano, Santos . 2013 s 159

<sup>38</sup> Sinn 2014, s 106

<sup>39</sup> Organisation for Economic Co-operation and Development(2015)


houvudsak ligg i sør, meiner at arbeidslausa forsatt er eit stort problem i denne delen av eurosonen. Derimot har dei finansielle marknadene blitt trygga, og ikkje minst ført til at kriselanda har blitt meir konkurransedyktige. Fleire av dei såkalla kriselanda under finanskrisa har kommet styrka ut av det, slik som for eksempel Irland og dei baltiske landa lengst nord-aust. Det er fleire tegn at også økonomiene i sør-Europa er på veg opp igjen, mykje på grunn av kutta som vart inført.<sup>40</sup> Noko som henger veldig med betalingsbalansen, er handelsbalansen. Etersom Hellas gikk i underskot, må det ha ein samanheng med korleis handelen til og frå landet har utvikla seg i perioden.

Handelsbalansen (Figur 3) til Hellas kan sjåast som om den har vore i elendig posisjon heilt sidan byrjinga på 1990-talet. Når me ser på *Net export of good and services at current prices (National Accounts)* frå AMECO sine sider, ser me at milliardunderskotet har auka gjennom heile perioden. I 1990 var den på ca -4% av GDP, og når Hellas hadde nådd år 2000 talet, var den på ca -8%. Sjølv om landet hadde ei stor underskot allereie då, endra ikkje tinga seg i løpet av tida framover. Det betra seg litt fram mot 2005 (-6%), men den gjekk nedover igjen etter det. Året 2008 når finanskrisa braut ut, var prosentdelen på ca 14%. Etter drastiske endringa i økonomien i løpet av finanskrisa, har Hellas derimot fått ordna på desse talla med hjelp frå eurosonen, og er faktisk i overskudd. Ei klar forbedring sidan år 2008.

---

<sup>40</sup> Sinn 2014, s 106

#### 4 EI ØKONOMISK ANALYSE AV HELLAS FRÅ 1990- Ei sør-europeisk krise?



Figur 3 - Handelsbalansen til Hellas og Eurosonen 1990 til 2015 <sup>41</sup>

Eit enkelt døme på kvifor eurosamarbeidet ikkje fungerte så godt som planlagt, kan godt forklarast med ein enkel handelspolitikk som blei gjennomført før finanskrisa. Kina utkonkurerte tekstilindustrien i Sør-Europa, og dette førte til at desse landa mista ei stor eksportinntekt. Kina vart rikare og kjøpte fleire industrivarar frå Tyskland, som vidare førte til at industrivarane til Tyskland vart dyrare for dei søreuropeiske landa ettersom etterspørselen for tyske industrivarar auka. Dette førte vidare til at Tyskland med sitt sterke økonomi ga lån til dei mindre konkurransedyktige landa via Den Europeiske Sentralbanken.

Dette var eit lån av den type som kan kallast eit «vennskapeleg» lån med lav rente. Dette kjem eg tilbake til i neste kapittel når eg skal gå gjennom den finansielle og kapitale balansen. Poenget er at Tyskland og dei meir rike statane innad unionen uansett tente på euroen, medan dei mindre konkurransedyktige landa allereie var i økonomiske vanskar før finanskrisa, og gjennom dårlig styring forverra dei. Problema var tilstades allereie før euroen vart innført, men Hellas sine politikarar var ansvarlige til å ha eit meir handbar handelsbalanse enn den dei hadde før finanskrisa.<sup>42</sup>

<sup>41</sup> European Commission (2015) *AMECO database*

<sup>42</sup> Claes 2012, s 234

## 4.2 KAPITAL OG FINANSIELL BALANSE

Gjennom felles valuta kjem det fleire goder som Hellas utnytta når dei vart innlemma i Eurosonen. Det første vil vere at det fører med seg ei økonomisk effektivitet ved at valutaen er spredt gjennom ei rekke land, som vidare vil føre til større konkurranse. Prisene ved å eksportere vil bli minska, og inflasjonen vil vere i sjakk, som vidare vil føre til at rentesatsen vil vere lave.<sup>43</sup>

Dette førte til at Hellas med ei svak økonomi frå før, kunne no nytte godt av ei sikker rentesats, samt at dei kvitta seg med risikoen med eigen valuta. No var plutselig Hellas like sikker som Tyskland sjølv, og kunne låne pengar med same rentesats som Tyskland. Det vart altså svært billeg for Hellas å låne pengar med Eurosonen som sikkerhetsnett. Dette førte ikkje berre til at inflasjonen auka i Hellas, men også at den interne forbruket i landet oversteig den interne produksjonen. Når me ser på grafen, ser me at Hellas gjekk kraftig i underskot, og at det positive synet bruttonasjonalproduktet viste oss før i oppgåva, først og fremst var ei “falsk syn”. Hellas gjekk i dundrande underskot.<sup>44 45</sup>

Masse privat kapital vart forflytta frå nord til sør noko som førte til ei inflasjonsboble som vidare førte til at konkurransekrafta minksa i sør. Tilgangen til billig kapital førte altså ikkje berre med seg gode ting som at usikkerheita i finanssektoren vart fjerna. Økonomien vart på same tid svekka. Forbrukarsamfunnet i sør med ei svak konkurransekraft blant arbeidstyrken, er ein stor del av problemet. Dette kjem eg tilbake til seinare.<sup>46</sup>

---


<sup>43</sup> Overtveldt 2011, s 53

<sup>44</sup> Overtveldt 2011, s 84-88

<sup>45</sup> Baldwin/Wyplosz 2012, s 353-355

<sup>46</sup> Sinn 2014, s 6

#### 4 EI ØKONOMISK ANALYSE AV HELLAS FRÅ 1990- Ei sør-europeisk krise?



Figur 4 - Kapital og finansiell balanse til Hellas og Eurosonen til 2015 <sup>47</sup>

Når me ser på tallene på Figur 4, har Hellas hatt ei dårlig utvikling heilt sidan byrjinga av 1990-tallet, slik som handelsbalansen. I 1995 var den økonomiske underkotet på ca -2%, og den forsatte å forverre seg ettersom Hellas lånte meir og meir peng for å kompensere tapa dei har frå handelsbalansen. I 2004, etter at OL i Athen var gjennomført, auka underskotet.


I boka “The Euro Trap” av Hans Werner Sinn som vart utgitt i 2014, tar han dei samme tallane som eg har sett på. Hellas, Portugal, Spania og Irland var alle i omtrent samme situasjon. Alle auka sin utenlandsgjeld fortare enn sin GDP heile perioden fram mot finanskrisa. Dei lave rentesatsene på lån kunne dei utnytta til å tilbakebetale dei dyre utenlandsgjeldane, men det var ikkje faktum. Dei lånte meir for å auke veksten, og gjeldane forsatte å stige i voldsomt.<sup>48</sup> I 2008 var den greske gjelda på ca 14% over bruttonasjonalproduktet, noko som visar til ei drastisk forverring av låneforholda og den økonomiske utviklinga i landet.

<sup>47</sup> Organisation for Economic Co-operation and Development(2015)

<sup>48</sup> Sinn 2014 , 69

### 4.3 GJELD

Gjelda til Hellas har gjennom heile perioden frå 1990 og fram til i dag, auka voldsomt (Figur 5). I 1990 var gjelda på ca 60% av den totale GDP. Den auka etter det til ca 95% rundt årene 1992-1993, og ca ved innføringa til Euro, var gjelda kommen opp til 100%. Dette kjem selvfølgelig av at Hellas tok opp mange billige lån med lave renter ettersom dei hadde samme forutsetningane som resten av eurosonen. Hellas skulle i 2004 arrangere sommar-OL, samt ha Eurovision Song Contest i 2005. Med desse lånene vart det bygd nye motorvegar, nytt T-banesystem i Athen, i tillegg til ei rekke nye stadionar. OL-var ei kostbar affære for Hellas, og når dei lånte pengene ikkje gikk til å auke produktiviteten og inntektene til landet, fekk det konsekvensar for gjelda som steig og steig. Hellas auka dermed gjelda si fortare som dei auka si eige BNP noko som ikkje kan vere berekraftig over ei lengre periode.<sup>49</sup>



Figur 5 - Gjeld i Hellas og Eurosonen 1990 til 2015

50

Året 2004 skulle visa seg i å ikkje vere så bra for grekarane allikavel. Etter ei grundigare sjekk frå Eurostat vart det kjent at Hellas hadde juksa med talla i økonomien sin før dei vart ein del av eurosonen. Økonomien var visst i dårlegare stand enn det den viste seg som i

<sup>49</sup> Sinn 2014 , 55

<sup>50</sup> International Monetary Fund (2015)

1999. Det same gjaldt med korrupsjonen som landet var prega av, og ikkje minst all den svarte økonomien som låg godt til rette for å skakkjøre den greske økonomien. I 2009 hadde gjelda passert 120% av BNP, medan i 2012 etter at dei trengte nye lån frå Eurosonen, hadde den auka til 160% i følge tal frå IMF. Faktisk visar det at talla har nådd opp 180% nokre tidspunkter mellom 2012-2015. Dette er skremmande tal som i lengden vil vere vanskeleg for Hellas å bære utan ytterligare hjelp frå EU. Ei gjeldsletting etetr ei viss tid vil mest mogleg vere aktuelt for å skape rask vekst igjen i Hellas.

I boka til Overtveldt, “The End of The Euro”, måtte Eurosonen i 2010 ta ei rask beslutning på å redde Hellas økonomisk for å fjerne usikkerheita som også andre land hadde opparbeida seg. EU lovte alle investorar at alle i EU har ei felles oppgåve og ansvar å redde Euroen. 2.mai samme året skulle Hellas få redningspakke. Dette var pengar satt saman EU sine finansministrar og Det Internasjonale Pengefondet (IMF), til gjengjeld at Hellas skulle straks setje i gang reformer som ville betre eller gjennomopprette den greske økonomien. 80 millionar euro kom direkte frå andre euro-partnarar, og desse vart utbetalt av EU-kommisjonen i transfer mellom mai 2010 og august 2013. I ettertid har Hellas fått fleire lån, som på lang sikt vil få kontroll i følge EU. Fakta idag er at Hellas har opparbeida seg ei enorm gjeld, samtidig som arbeidslause har stege kraftig dei siste årene. I neste del skal eg diskutera korleis arbeidslause har utvikla seg.<sup>51</sup>

#### 4.4 ARBEIDSLAUSE

Når vi ser på Figur 6, ser vi at arbeidslause i Hellas har ligget mellom 5-15 % heile perioden fram mot innføringa av Euro. Faktisk var det ei forverring gjennom heile 90-talet, noko som kan ha vore grunnen til at Hellas innførte nytt valuta i seinare tid. Etter innføringa ser me derimot ei klar nedgang igjen. Hellas hadde ei sterk vekst på i GDP og nedgang i arbeidslause, noko som kan vere på grunn av auka investeringar og bygginga mot OL i 2004. Infrastruktur i form av nye motorvegar, nytt internasjonal flyplass i Athen osv, kan vere grunnen til nedgangen.<sup>52</sup>


---

<sup>51</sup> Overtveldt 2011 s.95

<sup>52</sup> Overtveldt 2011,s 90-91



#### 4 EI ØKONOMISK ANALYSE AV HELLAS FRÅ 1990- Ei sør-europeisk krise?



Figur 6 - Arbeidslause i Hellas og Eurosonen 1990 til 2015 <sup>53</sup>

Når finanskrisa kom i 2008-2009, ser me på grafen at det gjekk ut over arbeidet til folk. Grunnene til dette kjem eg tilbake til seinare i oppgåva. Frå 2008 til 2013 steig arbeidslausa frå ca 6% til heile 28%. Dette er ei enorm forandring i økonomien for Hellas, og ikkje minst for folk og familiar som mista inntektene. I 2013 snudde det derimot, og arbeidslausa starta å gå ned igjen. Dette vil eg sjå grundigare på i neste del som vil omhandle konkurransekrafta til både staten Hellas og den generell arbeidaren i landet. Det som er spesielt viktig å legge merke til, er arbeidslausa til dei under 25 år. Den fortsatte å stige tiltross for at den totale arbeidslause gikk ned, det viser til kva enorme problem Hellas star ovanfor. Nyutdanna unge folk kjem seg vanskelig inn i arbeidslivet og velger mest mogleg å flytte på seg til utlandet for å skaffe seg det.

<sup>53</sup> International Monetary Fund (2015), European Commission (2015) *AMECO database*

#### 4.5 KONKURRANSEKRAFT

Konkurranseskrafta henger veldig saman med korleis lønningane til folk har utvikla seg. Strømmen av billige pengar som for eksempel Hellas fekk inn gjennom billige lån, ga ei rask forbrukervekst som vidare førte til at konkurransevnen falt. Dei lånte pengane gikk til det offentlige forbruket utan dekning på inntektsida.<sup>54</sup> Konkurranseskrafta henger saman med lønningane, og dermed også om arbeidsstyrken til landet. Er lønningane for høge samtidig som produksjonen er lav, vil konkurransekrafta vere svak. Dette vil eg komme tilbake til seinare når eg skal diskutere konkurransekrafta til Hellas i forhold til andre EU-land.

I dei fleste land fekk den “falske” økonomiske veksten i gang byggeboom og som sagt forbrukervekst. I mange tilfeller hadde husbygging auka med heile 60% mellom år 2000 og år 2007. Gjennomsnittet for Eurosonen derimot var på rundt 12%.<sup>55</sup>

Dette kjem av at det vart ei økning i lønningane og at vanlige folk fekk meir å rutte med. Fagforbundene i Hellas var sterke, og pengene som strømde inn i landet vart egentleg rota bort ved å auke lønningane, sløsing i dei offentlige budsjetta, samt i korrupsjon.<sup>56</sup>

Hellas er blant landa med svakast fiskal disiplin. Landet var aldri under den 3% underskuddskriteriene i perioden før finanskrisa, og hadde stor økonomisk vekst. Pengane som strømde inn frå eurosonen vart derimot brukt til lønningane som nemnt før. Viss me skal samanligna Hellas og Tyskland, så hadde Hellas vekst i lønningane med heile 80% perioden 2000-2008, medan Tyskland hadde kun 10%. Statlege ansatte auka også med omtrent 16% i Hellas, medan den minka i Tyskland.<sup>57</sup>

Generelt var dei sørlege landa i eurosonen for dyre når dei innførte euro i forhold til produksjonen. Gjennom å innføre høgare lønningar som er meir lik dei nordiske landa i

---

<sup>54</sup> Claes 2012, s 234

<sup>55</sup> Overtveldt 2011, s 89

<sup>56</sup> Sinn 2014, s 70

<sup>57</sup> Sinn 2014, s 53-54

valutaområdet, og ved at nye austuropeiske statar vart ein del av eurosonen i 2004-2007, mista dei sørlege landa konkurransekrafta. Lønningane blant greske og spanske industriarbeidarar var tre gongar høgare enn dei polske sitt, samtidig som dei polske er meir effektive og flittig. Dette er eit handikap som ikkje kan gjerast noko med på kort tid, på grunn av at det er ein meir institusjonell og kulturell del av befolkninga. Dermed må spanske og greske arbeidara kutte i lønningane for å kunne konkurrere mot dei austuropeiske arbeidarane.<sup>58</sup>

#### 4.6 KONKURRANSEKRAFT I FOKUS

Eit stort problem med eurosonen, er også at det frå første stund har vore mangel på disiplin blant medlemslanda. Politikarar ønskjer å bli gjenvalgt, og Hellas er eit bra eksempel korleis lønn-og pensjonsforhold vart brukt til å forføre veljarar. Lønn og pensjonar steig langt over veksten til produktiviteten til staten. Eg som er halvt gresk og besøker landet 1-2 gonger årlig, har sett mykje av problemene når det gjelder nettopp dette. Eg ser blant anna folk som jobbar som bensinfyllarar, arbeidsplassar i skatt,- energikontorar, telefonselskaper osv. Sjølv i matbutikken er det som oftast fleire ansatter enn kunder, der visa og masterkort så og sei aldri er i bruk blant grekarane. Desse tinga eg nemner no er dømer på korleis den teknologiske og institusjonelle standaren i Hellas er per dags dato. Eg har faktisk knapt sett ei forandring på dette siden starten av 2000-talet. Hellas har rett og slett ikkje hengt med i den teknologiske framgangen, noko som i seg sjølv ikkje gjer dei konkurransedyktige. Når i tillegg arbeidslausa er såpass høg som den er, synes eg det er merkelig at det er så mange arbeidsplasser som knapt finnes i Norge i 2015. Dette kjem eg tilbake til seinare i oppgåva.

Så, er det eit markedsfeil, eller eit statleg problem? Korleis var det mogleg for eit land som Hellas å gå i dundrende underkot over eit tiårsperiode når dei er innenfor eurosonen. Enda viktigare er korleis Maastrichtavtalen ikkje vart fulgt opp med gjeldsgrensene som vart satt for å tilfredstille kravene for å i det heile tatt vere med. Når finanskrisa nådde EU og Europa, trygga EU investorane ved å støtte opp finansielt i tilfelle gjeldslanda gjekk tomme for kreditt. EU prøvde å gjere det mogleg for investorene å ta sjansar dei eigentleg ikkje kunne gjere i “normale” tilstander, ettersom markedet virka utrygg. Heile det institusjonelle

---

<sup>58</sup> Sinn 2014, s 4

apparatet i EU var spesielt opptatt av at eurosonen ikkje mista si troverdigheit til investorene ettersom det var heile meininga med eurosonen i første omgang. Investorene skulle få det enklare ettersom dei finansielle murene mellom landa vart fjerna.<sup>59</sup>

Det har handla mykje om konkurransekrafta til Hellas, og at lønningene til folk har vore for høge i forhold til produktiviteten. Politikarar snakkar ofte om at konkurransekraft først og fremst i forhold til dårleg infrastruktur, ineffektivt rettsystem, lav innovasjon, dårlig økonomistyring, korrupsjon osv. Alle desse er grunnlag for eit lite konkurransedyktig land, men det handla også om høge utgifter, som lønningar og andre typar kostnader. Viss på den andre siden produktiviteten er gitt, er det alltid muligheit for å få eit land konkurransedyktig ved å kutte lønningar og andre typer inntekter til folk. Mangel på konkurransekraft i forhold til handelsunderskudd betyr ganske enkelt overdrevent inntektsambisjonar i forhold til produktiviteten, og dermed lite konkurransedyktig.<sup>60</sup>

#### **4.7 SPAREPOLITIKKEN SOM FUNGERTE – EIT DØME PÅ SUKSESS FOR EU**

Dei baltiske statane er av dei nyaste statane i EU og eurosonen, og har sidan opplevd ei stor auking i pris og lønningar sidan Sovjetunionen vart oppløst. I Estland har prisenivået omtrent dobla seg sidan finanskrisa slo til i 2007. Mykje av grunnen til det er for det meste eit statistisk misledande, på grunn av produktene som blir produsert no er noko heilt anna enn under kommunisttida. Dei er kanskje like, men både valutaen og årstallet produktene blir produsert, er forandra.<sup>61</sup>

Landa vart også slik som mange andre statar for dyre i forhold til produksjonen, og måtte også gjere endringar for å få økonomien i gang igjen. Lønningane vart minka, og ikkje minst dei statlege utgiftene. Ved å minke kostnadene, vart også bruttonasjonalproduktet minka under finanskrisa (år 2007-2012). Latvia minka med 12%, Estland 4% og Litauen med 2%.<sup>62</sup>

---

<sup>59</sup> Sinn 2014, s 74-75

<sup>60</sup> Sinn 2014, s 112

<sup>61</sup> Sinn 2014, s131

<sup>62</sup> Sinn 2014, s 132)

---

Dei baltiske statane opplevde alle ei rask vekst etter dei fekk kontroll på kostnadene sine, og kunne seie seg ferdige med finanskrisa allerede i utgangen av 2009. Importen var så å sei lik med eksporten, i tillegg til at dei fekk ei svært positivt konkurransekraft i forhold til resten av eurosonen. Dette kunne ikkje statar som Hellas klare å konkurrere mot. Mesteparten av dei tidlegare landa som var under Sovjetunionen, har i klart å bli velfungerende, funksjonelle markedsøkonomiar med gode arbeidsame arbeidarar. I tillegg er prisnivået i landa forsatt svært mykje lågare enn i Hellas. Industrielønningane er svært guntige for å finne ut korleis konkurransekrafta er hos arbeidarane. Dei sørlege landa i eurosonen er i gjennomsnitt ca 247% høgare enn dei aust, målt pr. arbeidstime. Polen er ca halvparten så dyr som Hellas, på ca 7 euro pr time.<sup>63</sup>

---

<sup>63</sup> Sinn 2014, s 134-135

### 5. ANALYSEDEL

#### 5.1 EUROSONEN SINE INSTITUSJONELLE PROBLEMAR

Viss me skal først fordjupe oss inn problemene eurosonen økonomistyringa til , så kan me nemne ei rekke forhold. Blant anna byr eurosonen på ein spesiell variant av problem i skjeringspunktet mellom valutapolitikk, pengepolitikk og finansiell stabilitet. Når eit medlemsland er låst i ein felles pengepolitikk, kan det i første omgang ikkje oppstå noko valutakrise. Til gjengjeld vil alle statane påtvingast det kortsiktige rentenivået eurosonen har samla sett har opparbeida seg. Statsobligasjonar blir i mellomtida fortsatt utstedt av enkeltland og for eurosonen. Det betyr at renta kan bli veldig høg for nokre land, medan andre land forstått nytar godt av den lave renta.<sup>64</sup>

Det demografiske og arbeidsmobiliteten er derfor noko som hemmar EU bade økonomisk og utviklingsmessigt i forhold til integrasjonsprosessen som eg har nemnt tidlegare. Ettersom formålet med integrasjonsprosessen er at kvart land skal integrerast med kvarandre, så ser me klare tendensar at det går treigt i EU. Integrasjonsprosessen er sjølvsgatt i ei tidleg fase når det gjelder EU, men me ser på grunn av treigheitsmekanismer i politikken og i dei økonomiske marknadane at det vil ta lang tid før det vil fungera optimalt. Det er fortsatt uønska omfordelingseffektar mellom dei sosiale gruppene som i vårt tilfelle er ulike nasjonale grupperingar innan EU. Tradisjonar, språk og kultur vil gjere det vanskeleg for EU å bli slik som USA er i dag.<sup>65</sup>

Det har vorte diskutert om Eurosonen er eit optimalt valutaområde eller ikkje. Kritkarane nemnar ofte to hovudgrunnar mot etableringa av ei felles europeisk valuta. Den første går mykje ut på demografi som eg har også nemnt ovanfor. Dei sosiale forholda og arbeidskraftmobiliteten innan Europa varierer voldsomt frå land til land. I ein OECD-undersøkinga kjem det fram at mobiliteten er to til tre gonger større i USA enn i EU-landa, og dette vil ha noko å seie for økonomien innan EU. Døme på dette kan vere industrien som falt i Sør-Europa, medan Tyskland klarte å behalda den relativt bra. Når i tillegg befolkninga i dei områda som har mista desse arbeidsplassane ikkje er så villige å flytte på

---

<sup>64</sup> Claes, 2012, s 204

<sup>65</sup> Austvik, 2002, s 316

seg slik som i USA, vil økonomiane i desse landa merke endringane i jobbmarknaden.

Den andre grunnen er at næringsstrukturen er veldig forskjellig mellom landa. Dette er vanskeleg å måle, men det har Eichengreen (1992) og Masson og Taylor (1992) forsøkt å finne ut av. Om næringsstrukturen i ulike land er lik, vil det vere ei lik utvikling i den reelle valutakursen. Landa vil utsettast for dei same sjokka i økonomien, slik at det krevjast same endringane i dei relative prisane for å gjenopprette balansen i økonomien. Her fann dei ut at den reelle valutakursvariabiliteten er tre til fire gonger høgare mellom EU-landa enn den ein finner i USA. Dette visar oss at USA er langt meir optimalt valutaområde enn det EU. <sup>66</sup>

### **5.2 ØKONOMISK UNION- KORLEIS EU BURDE FUNGERT I PRAKSIS?**

Nokon hevdar at det allereie finnes ei fiskal union i Den Europeiske Monetære Union, mens andre støttar integrasjon mot ein meir føderal design, slik som USA. Ved ei nermare vurdering av fiskal union, er det viktig å merke seg at det er mange måtar på korlies det ville praktisk talt vorte strukturert. Fiskal integrasjon er ei svært kompleks sak, og det vil vere umogleg for meg å analysere på ei fullstendig måte, men eg vil i allefall gi ei kort oppsummering av kva som meinast med den. På det generelle plan, kan me skilja mellom fire elementar som venligvis er til stades men ikkje nødvendigvis alle i ei monetær union. <sup>67</sup> Desse elementene er eit felles sett av skattemessige reglar, mekanismar for kriseintervensjon, fiskal utjevning, og overføringsmekanismar mellom land og statar.

Når me ser på desse kriteriane, så har punkt ein og to allereie vorte gjennomført i EMU. Punkt tre og fire på den andre siden, er det forsatt langt fram. Det er allereie nasjonale ansvar på desse punkta, og dette kan ha vore grunnen til korleis finanskrisa vart ikkje berer eit økonomisk problem, men også eit politisk. Omfordeling og stabilitetsmekanismar er sentrale vektøy som kan vere med å bidra for å misnke virkninga av landsspesifike sjokk i fråvera av valuta og indre devalueringar. Det kan vere nyttigt å sjå på USA i denne forbindinga. Dette er eit føderalt strukturert union med ei løysning av eit høgare grad av fiskal integrasjon mellom statane. Viss ei økonomisk krise eller andre uforutsigbare hendingar skulle treffe ei stat, så vil den føderale staten USA distribuerefriske midlar til å

---

<sup>66</sup> Austvik, 2002, s 289

<sup>67</sup> Vetter 2013, s 4

kompensere for tapene til den kriseramma staten.<sup>68</sup> Dette viser til at eit fiskalt union består av viktige mekanismar som omfordelingsmekanismar finansierte av eit politisk føderasjon som kan bruke eit føderalt budsjett i dei kriseramma områdene.

### 5.3 GJELDSKRISE I SØR-EUROPA

For å forstå korleis finanskrisa i Europa oppstod, kan det vere ein moglegheit å snakke om budsjettpolitikken til EU. Unionen stolte fullt ut på at handelen og investeringane som dei meinte var den beste forsvar mot dårlegare økonomiske tider. Negativ integrasjon med ein kombinasjon av finansialisering kan vere grunnen til at økonomiar vart øydelagde. Med meir negativ integrasjon mellom statane i verden, førte vidare til ei finansialisering på grunn av at det var enklare å forflytte varar, og ikkje minst forflytte arbeidsplassane til industriane til andre hjørnar av verden.

Frå 1980-talet, spreidte tekstilfabrikka seg utover heile nord Hellas. Dei vart subsidierte under EU sine Delors' pakkar, og fleire internasjonale selskapar ville utnytte dei lave lønnskostnadane og arbeidstyrken som fekk ekspertise innad dette feltet. Dette endra seg dessverre under 2000-talet. I dei sørlege EU-landa vart det meste av tekstilindustri flytta til andre land som vidare førte til at investeringane gjekk til Asia eller andre europeiske statar i Europa som ikkje var medlem EU og ein del av eurosone. Blant anna Spania og Hellas har hatt ei slik endring i økonomien sin som dei aldri kunne erstatte med ei anna næring. Dette kan også vere grunnen til at desse landa fekk problemar med sin økonomi i seinare tid. Konkurranseskrafta vart svekka når Hellas gjekk over til Euro, men det kjem også på grunn av interne politiske endringar innad landet også. Dette nemnte eg under kapittel 4,3.<sup>69 70</sup>

Ei godt eksempel på finansialisering, kan vere bustadmarknaden i USA før finanskrisa. Europeiske bankar og investeringsselskapar kjøpte opp lånepakkar. Dette var spesielt i bustadmarknaden, og problemet då var at dei satt med eit problem då bustadprisane ein gong skulle falla. Dette førte til at bankane stod igjen med hus med lågare verdi enn det dei kjøpte det for. Det globaliserte finansmarknaden førte med seg billige lån som fleire bankar i

---

<sup>68</sup> Chang 2009, s 64

<sup>69</sup> Eurofound, 2013

<sup>70</sup> OpenDemocracy, Tsakalidou Ilektra, 2014



heile verda nytta seg av. Desse låna var ikkje sikra gjennom innskytargarantiar, og då marknaden byrja å sjå usikker ut, trakk alle seg ut samtidig. Dette skjedde ikkje berre i USA, men også i mange europesike land når bankane i Europa. Då slapp bankane opp for pengar, mykje på grunn av dei hadde brukt lånte pengar frå kundane, og hadde ikkje kapital nok til å berga desse tapa. Dette førte til at den internasjonale handelen gjekk kraftigt ned, og bustadsbygginga i fleire av dei søreuropeiske landa stoppa heilt opp, slik som i blant anna Spania fekk kjenne svært godt. Arbeidsledigheita byrja å auka når byggemarknaden stoppa opp. Dette førte til at statane måtte betala ut trygdeutbetalingar, samtidig som dei ikkje fekk noko tilbake i form for skatt.<sup>71</sup>

### 5.3 ER ANDRE FORHOLD RELEVANTE?

Om me skal sjå nærare på korleis EU takla krisa, kan det vere relevant å bruka den tidlige økonomien i Den Europeiske Sentralbanken, Jürgen Stark sin utgreiing. Han var ein verdiful ansatt i organisasjonen frå 2006 til 2014, og har vore kjent som dei mest respekterte økonomane i verden. Han meiner at viss me skal finne ut av grunnen til kvifor finanskrisen ramma EU så hardt, så må vi tilbake til den tida euroen vart innført, nemleg heilt tilbake til 1999. Han beskriv tida med nokre få element som kan ha hatt innverknad til kollapsen i europeisk økonomi i ettertid. Globalisering, deregulering, teknologisk og finansiell innovasjon er blant hovudmomennta. Samtidig kan ein nemne boligmarknaden sin boble førte til ei global ubalanse i utanriksøkonomien.<sup>72</sup>

Stark meiner det er mange samanhengar knytta mellom utviklinga og pengepolitikken som var før finanskrisa. Dette gjelder spesielt penge og sparepolitikken til dei avanserte økonomiane i vesten. Først av alt har dynamikken i globaliseringa gjort jobben til den Europeiske Sentralbanken mykje vanskelegare for å analysere ei inflasjonsprosess. Dermed er det vanskeleg å analysere eventuelle risiko før sjølve krisa oppstår. Han meiner også at den veksten vesten hadde på den tida kunne ha vore uholdbar i første omgang, og at det kanskje ikkje var mogleg å unngå. Dette kan selvfølgelig diskuteras, mykje på grunn av

---

<sup>71</sup> Claes, 2012, s 235

<sup>72</sup> Stark Jürgen .2009. s 1-3

dei uholdbare finansielle politikken som fleire bankar og statar utøvde på denne tida, den såkalla finansialiseringa som eg har nemnt tidlegare.<sup>73</sup>

Blant anna legg han også skylda på den industrielle forflyttinga frå Europa, og at finansialiseringskulturen blomstra etter den. Europeiske private selskaper og bankar investerte heller i andre marknader, og satsa ikkje like mykje innanfor EU. Dei globale ubalansane i finansverden bidrog til ei forverring av dei allereie strukturelle feila til EU. Første halvdel av 2007 ga bankane usikre lån til kvarandre. Dette kan ha bidrege til at økonomien kan ha vorte endå meir ustabil og usikker.<sup>74</sup>

### **5.4 HAR GJELDA OG FINANSIALISERINGSPOLITIKKEN ØYDELAGT FOR EU?**

Viss me skal snakke om den gjeldstynga økonomien i dagens verden, er det relevant å trekke inn Carmen Reinhart og Ken Rogoff. Begge økonomane frå Harvard har lenge uttrykka si bekymring om at dei nasjonale økonomiane i verden har skaffa seg så masse gjeld, og underskotet til statane ikkje er under kontroll. I 2010 kom dei ut med ”Growth in a Time of Debt” som har fungert som ei viktig intellektuell verk i støtte av den innstrammingspolitikken som for eksempel EU gjorde når finanskrisa oppstod. Deira verk kan kort forklarast med at dei meiner at når eit lands offentleg gjeld stigar over 90% av BNP, så vil veksten i landet avstå.<sup>75</sup>

I ettertid har forskninga deira vorte sett på feilaktig på grunn av at dei hadde gjort ein feilberekning i rekninga deira. Når dei nøyaktige omberekningane vart gjort, så var talla forskjellige når gjelda oversteig 90 % av BNP. Eksempelet som vart brukt av Thomas Herndon var New Zealand. Landet låg i 1951 på -7,6 % i offentleg gjeldsnivå . Han klarte å bevisa at den gjennomsnittlege veksten for landet ikkje var -0,1 slik som Reinhart og Rogoff meinte, men tvert imot hadde ei vekst på 2,2 prosent. Dette visste at forholdet mellom vekst og offentleg gjeld varierer mykje over tid og mellom land. Dermed spelar

---

<sup>73</sup> Stark Jürgen .2009. s 1-3

<sup>74</sup> Stark Jürgen . 2009. s 1-3

<sup>75</sup> Cassidy John, The New Yorker

ikkje gjelda som mange europeisk land hadde før finanskrisa ei så stor rolle for korleis finanskrisa utarta seg.<sup>76</sup>

På motsatt side av Reinhart og Rogoff argumenterer den kjente økonomen Krugman med at gjeld ikkje har så mykje å seie for korleis eit økonomi skal fungere bra eller ikkje. I dagens økonomiske verden stadfestar Krugman Herndon sine nye berekningar. Land som Japan har for eksempel auka si gjeld, og ligg godt over 90% av BNP. Landet har faktisk fått ein betring av økonomien, medan land som Hellas har fått nedgang sjølv om dei har kuttet gjelda si med press frå EU. Dette kan vere for eksempel fordi då vil landet generera mindre skatteinntekter, og vil føre til mindre totale inntekter til staten.<sup>77</sup>

Høgare statsgjeld er fortsatt ofte grunnen til lågare økonomisk vekst, men forholdet var ikkje på langt nær så markant som slik Reinhart og Rogoff meinte. Dermed kan ein starte å gruble over om kutta i Hellas økonomi som EU krevja var nødvendige eller ikkje? Skal ein økonomi som Hellas hadde på den tida, kutta enda meir ned til eit nivå som ikkje kan forsvarast på eit europeisk nivå? Skal måtte ei allereie svak økonomi vorte endå svakare?<sup>78</sup>

EU si kriseløysing la veldig mykje vekt på kuttinga av gjeld. Etersom fleire av medlemslanda allereie før finanskrisa strevde med å få ned gjelda, virka Reinhart og Rogoff sine argumentasjonar som relevante i forhold til kva kriseårsaken var. I neste kapittel vil eg bekrefte desse endringane med å gi ei kort samandrag av kva sparepoltikk EU innførte for å bekjempe krisa.

---

<sup>76</sup> Pollin Robert and Ash Michael. 2013.

<sup>77</sup> Cassidy John, The New Yorker

<sup>78</sup> Blodget Henry. 2013.

## 6 KRISEHANDTERINGA TIL EU

### 6.1 EU SINE INSTITUSJONELLE SVAR PÅ KRISA

For å unngå ei fullstendig kollaps i banksystemet, kom europeiske regjeringar til unnsetning av sine bankar med eit enormt tilførsel av kapital, tilsvarande 13% av EUs årlige BNP mellom 2008 og 2011. Samtidig lanserte EU eit europeisk program for sikre arbeidsplassar og sosial trygghet for å støtte den økonomiske investeringa av innbyggjarane. EU vart fort klar over at den økonomiske og finansielle krise som ramma medlemslanda var sårbar, og fann fort ut kva som måtte gjerast. Bankane vart hardt ramma fordi dei hadde investert og lånt kapital mellom seg, og dette ville EU i ettertid endre på. Den finansielle sikkerheita vart derfor auka betrakteleg, og i tillegg vart tre nye tilsynsorgan oppretta for å bidra med å koordinera arbeidet med nasjonale økonomiske regulasjonar for å sikre EU sin økonomi.<sup>79</sup> ”*The European Banking Authority*”y som omhandlar banktilsyn og rekapitalisering av bankar , ”*The European Securities and Market Authority*” som er tilsyn av kapitalmarknadane og utførar direkte tilsyn med hensikta til kreditvurderingar, og ”*European Insurance and Occupational Pension Authority*” som omhandlar forsikringstilsyn.

Den europeiske finanstilsyninga vart trappa opp for å sikra at bankane vart betre rysta. Dei måtte optre meir ansvarleg og samtidig vere i stand til å låne ut pengar til hushaldningar og bedrifter. Vidare fekk ”*Banking Union*” ansvaret for at folks innskot til bankane vart beskytta og at skattebetalaren ikkje vart tvinga til å betala for feila og svika til bankane. The Banking Union var og er eit naturleg supplement til den økonomiske og monetære europeiske unionen. Den løyser svakheitene som vart avdekka under krise, og alle land som brukar euroen vil rapportera direkte til ei felles bank, den europeiske sentralbanken(ESB).

ESB spelte ei svært viktig rolle under krise. Institusjonen lånte ut kapital til bankane som trengte hjelp. Dette bidrog til å gjere marknadane tilfredstilte og at dei ikkje tvilte med å forsette å investere. Samtidig stilte ESB opp då dei gjeldstynga landa trengte hjelp, slik som Hellas. ESB oppretta eit program som heiter ”*Outright Monetary Transactions*”, der dei

---

<sup>79</sup> European Commission. 2014. A

lova å kjøpe statsobligasjonar av land som slitar. Til gjengjeld skulle desse landa forplikta seg til eit program med økonomiske reformer med euroområdet si bistandsfond, ”*European Stability Mechanism*”.<sup>80</sup>

### 6.2 KORTSIKTIGE OG LANGSIKTIGE SVAR PÅ KRISA

Viss me skal ta for oss konkret kva EU-landa gjorde for å svare på krisa, må me litt meir detaljert til verks. I tillegg til dei institusjonelle tiltaka, så var det ei rekke andre tiltak som EU gjennomførte. Frå slutten av 2009 og tidleg av 2010 fekk enkelte land innanfor euroområdet problemar med å finansiera sin gjeld. Desse landa måtte ta opp lån for å sikre seg sjølv mot krisa, men fordi dei hadde så masse gjeld frå før så vart det eit problem. På den tida reagerte EU-landa raskt med å på plass ei ”brannmur” med tillitskapande tiltak for å bidra til å finansiera gjelda til desse landa. I tillegg skulle EU gjennomføre dei vanskelegstilte landa med ei rekke nye kortsiktige og langsiktige tiltak som eg kjem til å forklare i dei neste avsnitta. Den umiddelbare responsen til EU var hjelpe dei landa som hadde store problem med å finansiere gjelda til dei kriseramma landa. Når for eksempel Hellas mista tilgangen til rimeleg marknadsfinansiering, kom EU rask på banen ved å samla inn bilaterale lån frå europeiske regjeringar via EU-kommisjonen. Deretter oppretta EU to midlertidige fond, European Financial Stability Facility og European Financial Stabilisation Mechanism med ei total utlånskapasitet på 500 milliardar euro. Dette var ei solidaritetsbekrefting av alle EU-landa. Viss ein sliter, så sliter alle i ettertid. Alle måtte vere med å bidra til å sikre at eurosonen fortsatt skulle eksistera.<sup>81</sup>

I ettertid vart også oppretta ei ny og permanent økonomisk langsiktig program, European Stability Mechanism (ESM) som i i dag er den viktigaste institusjonen i den ”europeiske brannmuren”. Denne institusjonen har som hovudoppgåve å sikre den finansielle stabiliteten i europaområdet. Ein sterkare overvaking og betre styring på økonomien har ikkje berre gitt kortsiktige positive endringar men, men også langstilka. ESM har i tillegg auka tilliten til finansmarknadane og har bidratt med å forbetre den finansielle stabiliteten i euroområdet som heilhet. Dei langsiktige reformene er kanskje dei viktigaste når me

---

<sup>80</sup> European Commission. 2014. A

<sup>81</sup> European Commission. 2014. A

tenkjer på kva som vil vere eurosone i ettertid. For at eurosone skal kunne forbetra seg, måtte ei rekke nye ting setjast på plass og ikkje minst få nye kjøyrereglar. Ein av dei viktigaste tiltaka som kom på plass, var at EU innførte nye sterkare reglar for å halde ei strammare kontroll på den offentlege gjelda og underskotet for å sikre at landa ikkje brukar over evne, slik som for eksempel Hellas har gjort. Denne finanskrisa som fann sted visar tydeleg at ei gjeldsfylt økonomi ikkje er bærekraftig, og EU-kommisjonen vil frå no av sørge for at nasjonale budsjetter ikkje skal sette dei andre europeiske landa sine økonomiar i fare.<sup>82</sup>

I tillegg vart det satt i gang ei rekke andre tiltak som eg ikkje kan skrive fullstendig om på grunn av størrelsen på oppgåva. Dette gjelder for det meste at det er fleire reglar og betre overvaking over budsjettane og rammeforholde til medlemslanda. Målet med dette er at EU skal sikre at dei offentlege finansane til medlemslanda skal vere bærekraftige og sikre konkurranseevna for å oppretthalda og ikkje minst skape vekst. EU har også gjennom krisa styrka dei skattemessige reglane, og EU har også nytt rammeverk for overvaking og korrigering av makroøkonomiske ubalansar. Kommisjonen i EU har derfor ei overvaking over moglege makroøkonomiske ubalansar, og vidare analysere om dei eventuelle teikna på ei ubalanse i økonomien. Viss ubalansen blir funne overdriven, har landet som oppgåve å iverksette tiltak for å rette opp denne situasjonen.<sup>83</sup>

---

<sup>82</sup> European Commission. 2014. A

<sup>83</sup> European Commission. 2014. A



## 7 TEORAR RUNDT SPARETILRAKENE I HELLAS

### 7.1 KRISE OG KRISEHANDTERING

Hellas er og har vore eit spesielt land innanfor EU. Landet har vore medlem av EU sidan 1981, og vart med i eurosonen som gjelder alle land som brukar euro i 2000. Hellas hadde endeleg klart å skaffa seg ei storhetstid kulturelt sett, der starten på det heile var ved å vinne Eurovision Song Contest i 2003, for deretter å vinne EM i fotball I 2004. Ikkje berre med det, men landet skulle i tillegg til å halde det neste arrangement for Eurovision, vere arrangør av De Olympiske Sommarleikar det inneverande år.<sup>84</sup>

Året 2004 skulle visa seg i å ikkje vere så bra for grekarane allikavel. Etter ei grundigare sjekk frå Eurostat vart det kjent at Hellas hadde juksa med talla i økonomien sin før dei vart ein del av eurosonen. Økonomien var visst i dårligare stand enn det den viste seg som i 1999. Det same gjaldt med korrupsjonen som landet var prega av, og ikkje minst all den svarte økonomien som låg godt til rette for å skakkjøre den greske økonomien. I 2008 slo finanskrisa for fullt, og då svarte dei fleste av landa med å pumpe inn offentlige midlar til å stimulera økonomien. Med dette auka gjelda til den allereie gjeldstynga grekarane. I tillegg til at lånerentene til dei tidlegare låna også auka, klarte ikkje Hellas stå imot. Utan ei felles finanspolitikk i EU, der landa betalar for kvarandre, vart det til slutt behov for å sprøyte inn pengar i den fortapte greske økonomien.

Hellas finanspolitiske problemar symboliserte starten og vidareføringa av krisa i eurosonen. Giorgos Papandreou som var tidlegare stasministar i Hellas innrømma i 2009 at landets budsjettunderskot var enorm. Regjeringa hadde skjult og loge om sin økonomiske situasjon for at landet skulle komme inn i eurosonen.<sup>85</sup> Blant anna har det vorte spekulert at krisen kanskje vore avverja eller at den hadde vorte skikkeleg redusert viss ESB hadde nokre konkrete virkemidlar å sette inn tidleg i løpet. Det er mogleg det var for seint for Hellas, og masse kunne vorte avverja om Hellas som stat hadde fått utdelt meir friskt kapital for å sikre økonomien. Dette hadde ikkje eurosonen fordi det mangla politisk styring og ikkje

---

<sup>84</sup> Lenskyj H. & Wagg S. 2012

<sup>85</sup> Overtveldt 2011, s 82-83



minst institusjonell beredskap. Dette har eg nemt før i oppgåva. Eurosonen var rett og slett ikkje satt opp til å handtera krisar. I tillegg kan det spekulerast om det var vilje nok til å hjelpe Hellas når dei hadde ført ei så uansvarleg politisk og økonomisk styring.

Eit stort problem med eurosonen, er også at det frå første stund har vore mangel på disiplin blant medlemslanda. Politikarar ønskjer å bli gjenvalgt, og Hellas er eit bra eksempel korleis lønn-og pensjonsforhold vart brukt til å forføre veljarar. Lønn og pensjonar steig langt over veksten til produktiviteten til staten, noko som eg var inne på i kapittelet der eg studerte den greske økonomien frå 1990- i dag. I tillegg til ei strategisk feilrapportering av økonomien har mest mogleg hatt noko å seie for korleis media i Hellas og resten av eurosonen hadde reagert om dei skjulte talla. Med å innføre euroen i statar som Hellas, har dei mista moglegheita til lågare renter, konkurransevna og ikkje minst auka si offentleg gjeld.<sup>86</sup>

EU sin respons til krisa i Hellas kom ganske seint, men i full styrke når unionen skjønnte alvoret. 2 mai 2010 ga EU lån til Hellas på eit sum nærmare 100 millionar euro. Dette var pengar satt saman EU sine finansministrar og Det Internasjonale Pengefondet (IMF), til gjengjeld at Hellas skulle straks setje i gang reformer som ville betre eller gjennomopprette den greske økonomien. 80 millionar euro kom direkte frå andre europartnerar, og desse vart utbetalt av EU-kommisjonen i transfer mellom mai 2010 og august 2013. Dette fekk Hellas ettersom dei godtok dei krava EU stilte til Hellas om å reformere økonomien sin. Dette kjem eg tilbake til seinare i oppgåva når eg skal diskutere dei politiske konsekvensene og medias håndtering av redningspakkene.<sup>87</sup>

Det vart fleire redningspakkar framover, og den neste store kom frå same hald. Den 14. Mars 2012 godkjente eurosonen og IMF ei pakke verdt 164 500 000 000 euro. Denne gongen steppa også dei andre euroland inn i 2010 med 144 700 000 000 euro gjennom *European Financial Stability Facility* som eg har nemnt før. Til gjengjeld vart ein avtale med finansielle investorar for å redusera Hellas gjeldsbyrde på 200 milliardar arrangert. I

---

<sup>86</sup> Tollersrud Tore. 2012. B

<sup>87</sup> Overtveldt 2011, s 97-98

november 2012 vart Europa sine ministrar og IMF einige at om å ytterligare hjelpe Hellas med å kutte kostnadane for sine lån og ikkje minst lenger tid på å betale dei tilbake. Dette vil kunne hjelpe Hellas med å komme på riktig spor.<sup>88</sup>

I neste kapittel vil eg forklare ei kontroversiell men absolutt relevant argument angående sparetiltakene i Hellas. Var det rett å straffe Hellas så hardt? Den anerkjente økonomen Paul Krugman har gjennom sin bok vore imot eurosonen og Troika sin politikk under finanskrisa. Dette vil eg forklare nermare.


### 7.2 PAUL KRUGMAN SITT SVAR PÅ KRISA I HELLAS

Det var først og fremst Hellas som fekk dei enorme problema først, og det va Hellas som sleit mest med gjeldsproblemet. Det store spørsmålet er då, når det var i hovudsak berre Hellas som hadde problem, så skulle ikkje det vore krise i det heile tatt. Den greske økonomien er liten i europeisk samanheng, med sine 3% av den totale bruttonasjonalproduktet til Eurosonen. Dette utgjer 8% av alle Eurosonen sine kriselands bruttonasjonalprodukt. Når eg tidlegare nemnte at ting kunne endrast i den greske økonomien frå 2004-2007, så visar det seg at EU faktisk fekk ned gjelda til dei gledstynga landa. I følge Krugman var det ei stabil nedgang i gjelda heilt fram til finanskrisa braut ut i USA i 2007. Når renta på lånene steig på følge av at det var nød for kapital, så fekk Hellas spesielt eit problem. Sjølv om det var ei forbetring i økonomiane, så hadde mange politikarar i EU , spesielt frå Tyskland ei meir aggressiv haldning. Når statar ikkje kan takle ei krise åleine, visar det manglar på at dei har feila med å sikre sine økonomiar, og at dei sjølv er skuld i det. Krugman synes at dette er heilt feil måte å møte problema som EU og Eurosonen har.<sup>89</sup>

---

<sup>88</sup> European Commission. 2014. B

<sup>89</sup> Krugman Paul. 2009. 177-179



Figur 7 PIIGS-landa si samla gjeld/BNP utvikling

90

Krugman legg mykje skylda på arrogansen frå europeiske politikarar frå Europa som kom det meste frå rikare land. Dei overtalte seg sjølv om at dei kunne laga eit felles valuta utan ei felles regjering eller styringsorgan. Krugman seier vidare at dei same type personane har no etter at finanskrisa intraff at det meste av skylda ligger hos sør-europearane. Eit uansvarleg oppførsel, og at dei må tåle å lide for dei skal lære seg å ha eit økonomisk ansvarleg politikk. Problemet med det, er at det ikkje er berre dei søreuropeiske lands skyld. I følge Krugman må eurosonen forstå at euroen er eit valuta som passar best dei nord-europeiske landa som Tyskland. Viss euroen ein gong skal bli friskmeldt, er at euroen skal bli vorte meir regulert som passar betre i høve til dei svakare økonomiane. Dette er spesielt viktig no som så mange statar sliter. Tyskland og eurosonen er nøydt akseptere ei høgare inflasjon. Viss ikkje vil Hellas vere eit offer og gjelsslave dei neste ti-årene.<sup>91</sup>

Han forklarar i boka si at litt av problema ligger i korleis Tyskland tenkjer at ei økonomi skal fungera. Landet har hatt ei historie med sin store inflasjon som dei hadde gjennom heile 1920-talet. Tyskland hatar inflasjon, og krevjar at Euroen blir holdt stabil med lav inflasjon. Dette er noko som ESB kunne gjort noko med, men fordi Tyskland har så masse

<sup>90</sup> Krugman Paul. 2009. 178

<sup>91</sup> Krugman Paul. 2012

makt i unionen, så er det svært vanskeleg. Hadde inflasjonen stige litt, så ville dette ha betra økonomiane for dei fleste land i Europa. Ingen i unionen kan sameliknast med den tyske produktiviteten og den økonomiske forutsetjingane. Dette er eit stort problem i følge Krugman.<sup>92</sup>

Som ein motargument til dette, kan det nemnes at Krugman feiler å forstå korleis den europeiske institusjonen fungerer. Tyskland har samme makt som Italia, Polen og Spania når det gjelder stemmerett innad eurosone. Det kreves 74% ja-margin for å godta noko i EU, så slik sett har Tyskland ganske liten makt poengmessig. I tillegg har den vanlige tyskaren i landet vore imot eurosone sin håndtering av krisa, spesielt Draghi sitt, utan effekt. Ja, Tyskland er største landet i eurosone, og kan gjennom å hjelpe dei sør-europeiske statane økonomisk under finanskrisa, også kunne få auka politisk makt. Dette er ikkje gjennom stemmerett, men meir på grunn av ”soft-power”, altså at ved at andre nord-europeiske statar støttar Tyskland sine meiningar ettersom dei håndterer økonomien betre enn dei sørlege landa.<sup>93</sup>

### 7.3 EDMUND PHELPS SINE TEORIER

Denne økonomen støttar meir dei langsiktige reformene, altså ein litt forskjellig teoretisk meining enn Krugman. Der mange anklagar på sparetiltake i Hellas, er Phelps meir positiv, og meiner det ikkje foreller heile sannheten i problemene i Hellas i dag. Data rundt økonomien i Hellas kan ikkje forklare den enorme arbeidslausa. Den offentlige tenesta i Hellas er basert på klientellar (for politiske stemmer) og kameraderi. Dette i langt større omgang enn i resten av eurosone. Pensjonsordningene er også basert på dette, der pensjoene er unormalt gode, der dei er omtrent dobbelt så høge som dei i Spania.<sup>94 95</sup>

I tillegg er det svært vanskeleg å komme inn i markedet i Hellas, ettersom eliten styrer det meste. Dei som allereie er inne i markedet, får subsidier og skatteletter. Dermed blir det ei

---

<sup>92</sup> Krugman, Paul. 2009. s 180

<sup>93</sup> Baldwin/Wyplosz 2012, s102-103

<sup>94</sup> Phelps Edmund(4/9/2015)

<sup>95</sup> Phelps Edmund (13/7/2015)

---

ond sirkel der ein får lite innovasjon på kort og lengre sikt. Verdensbanken har blant anna nemnt at Hellas er blant dei vanskeligaste plassane i Europa for å starte nye bedrifter. Resultatet blir lite nytenking og lite konkurranse. Dette er svært skadeleg for eit land. I fleire år har Hellas alereie før finanskrisa, fått pengar overført frå EU fo å reformere og forbedre seg institusjonelt og økonomisk for framtida. Lite var gjort. Faktisk så har Hellas heilt sidan byrjinga av eurosonen sløst bort desse pengene på høge lønningar. Når kapitaltilgangen stoppa under byrjinga av finanskrisa, falt formueprisene på hus og eigedommer. Hellas gjekk frå å ha ei sterk voksende økonomi til å komme i krise.<sup>96</sup>

Dei strukturelle problemene er derfor problemtaiske å løyse, også med hjelp frå EU. Det har gått sakte, og investorene er fortsatt redde for å investere i Hellas. Det er fortsatt eit strukturell problem der eliten fortsatt er i sterk posisjon. Phelps meiner at Hellas trenger ikkje berre gjeldsanering og gjeldslettelse. Dei må innføre reformar for å kunne bli eit moderne økonomi. Dette krever både kulturell og politisk endring, og heile befolkninga må vere med å skape og endre dei økonomiske forandringene.<sup>97</sup>

Arbeidslausa er også ikkje noko som EU krevde gjennom reformene 2010-2012 som eg skal forklare nermare i neste kapittel. Faktisk hadde kutta allerie starta i privat sektor før desse. Og kutta hadde auka frå 9,6 prosent i 2009, til omtrent 25% i 2012. Dette meiner Phelps er eit sterkt argument for at sparepolitikken er noko som har ført Hellas til den krisa dei er no. Problemene låg der allereie før reformene.<sup>98</sup>

---

<sup>96</sup> Phelps Edmund(4/9/2015)

<sup>97</sup> Phelps Edmund(4/9/2015)

<sup>98</sup> Phelps Edmund(4/9/2015)

## **8 POLITISK OPINION RUNDT KRISEPAKKENE**

### **8.1 POLITISK OPINION I HELLAS**

Eg har valgt å sjå på to av dei største avisene (Kathimerini og To Vima) i Hellas for å finne korleis opinionen og det politiske bildet ser på dei lånepakkene som Hellas som staten godtok. Mellom 2010 og 2012 vart det signert og gjennomført to avtalar mellom Hellas og EU, der Hellas fekk krav om å gjennomgå institusjonelle reformar for å forbedre seg økonomisk for ei lengre periode. Til gjengjeld fekk Hellas store summer for å halde seg i gang økonomisk og politisk med EU sine premisser.

Det var også ei ny redningspakke som vart gjennomført i 2015, men eg har valgt å unlate den. Dette har eg gjort på grunn av at det er enorme mengdar artiklar eg må gjennom. I tillegg meiner eg det er meir relevant for oppgåva å sjå spesielt på dei to fyrste pakkene, fordi det er først då pakkene vart tatt imot og representert for den greske folk. Når eg har tatt for meg desse pakkene, har eg valgt å sjå på artikler i dei største avisene for å finne ut korleis desse redningspakkene har vorte handtert av media. Har dei støtta EU, eller har dei støtta partiene i Hellas? Korleis såg dei på kuttane som skulle gjennomføres for å forbedre dei institusjonelle problemene i landet?

Perioden eg har valgt å basere artiklene mine på, er innad to månades periode rundt dei forskjellige pakkene. Ein måned før dei vart godkjent av EU og Hellas, og ein måned etter. Grunnen til at eg har valgt å avgrense det slik, er at eg kan få eit bedre bilde rundt dei politiske meiningane rundt den tida avtalene vart underskrevne på. Det er selvfølgelig dekning av økonomien året rundt, men for å avkorte antall artikler måtte eg avgrense perioden eg ville sjå nermare på.

### **8.2 DEN FØRSTE PAKKEN**

Tidlig i 2010 var det store usikkerheit i finansmarknaden ettersom ei rekke land gjekk tom for kapital på grunn av finanskrisa. I februar same år, uttakte EU at det var ei “kollektivt ansvar” å redde dei krisaramma landa, som ga klare beskjedar til statsleiarar rundt om

Europa. Det var særst viktig å trygge den finansielle marknaden, men også samhandlinga til EU som organ. Viss ei rekke land hadde gått tom for kapital, ville i grunn Euro-samarbeidet kollapsa.

I byrjinga stilte dei fleste landa i eurosonen seg tilbakehaldne i å redde dei kriseråka landa. Mars og april måned vart derimot ei oppvaking for desse, ettersom bankane i desse landa hadde investert store summar i dei kriseråka landa. Det kunne vidare gi ringverknadar i heimlanda, og dermed vart forhandlingar inngått allereie i April måned.<sup>99</sup>Den første pakken som vart ferdigstilt var 1-2 mai 2010, og EU hadde klart å skrape sammen ei redningspakke til 110 millionar euro. EU land på 80 millionar, medan IMF sponsa dei 30 siste. Til gjengjeld måtte kutte offentlige kostnader, auka ei rekke skatteordningar osv. Dette er noko eg har nemnt før.

Andre pakken vart også laga under same periode. Finansmarkedet forventa å trygge kriselanda over ei lengre periode. Første pakken skulle vare fram til februar 2012. Etter det skulle den andre pakken iverksettast. Ettersom begge pakkane vart til i same periode, valgte eg å utvide perioden der eg basertre artiklene mine på. Første del er 1.april- 31.mai. Ei periode som skal kunne samle masse informasjon om begge pakkene, men også korleis opinjonen i Hellas var under denne opinjonen.<sup>100</sup> Den andre perioden vil eg sjå perioden der den vart igangsatt, altså februar 2012. Min oppgåve i denne delen er i grunn å samkjøre artiklene eg har valgt ut for å finne ut korleis Hellas som nasjon, bade politisk og økonomisk, såg på desse pakkene. Politikarane i landet godtok desse avtalene i 2010, med press frå EU. Klarte grekarane å godta det? Korleis dekkja media den enorme økonomiske nedgangen til landet, men også blant folk generelt?

Angående den første redningspakken, virka avisen Kathimerini og To Vima ganske så nøytrale i sakene sine. Fleire av artiklene er basert på faktaopplysningar rundt dei, spesielt under perioden til første pakken. Dei prøvde å gi den vanlige grekaren informasjon om kva dei går ut på, korleis dei kan hjelpe Hellas, og kva som må gjerast for å klare å oppnå

---

<sup>99</sup> Overtveldt , s 93

<sup>100</sup> Overtveldt , 97

vilkårene som EU krevjar. Dette kan det vere fleire grunnar av. Først og fremst er det muligens på grunn av at dette var som ei faktaopplysning til den vanlige grekaren, men også at dei støttar EU og den politisk prosessen deira.<sup>101</sup>

Dei nemner blant anna at endringene som EU har bestemt, vil kunne gjere Hellas meir konkurransedyktig i framtida. Det vil vere smertefulle tiltak, men landet vil komme seg på beina igjen etterkvart. Avisene såg faktisk ganske lyst på situasjonen, til tross for dei enorme kutta bade staten og den vanlige grekeren måtte gjennomgå. Blant anna er det fleire artikler som nemner korleis pensjonen og lønningane til folk skal kuttas. Folk som har mista jobben i ulike regioner osv. Det er selvfølgelig triste nyheiter for grekarane, men etter det eg les, anklager ikkje Kathimerini staten i desse artiklene. Avisene holder seg objektiv, spesielt Kathimerini. Dei formidler informasjon, og lar folket avgjere korleis ein skal reagere på kuttene.<sup>102 103 104 105 106</sup>

Den gode holdningen som Kathimerini hadde i den harde og avgjerande tida for Hellas, kan oppsummeres med noko eg la merke til eine artikkelen deira. Der nemnte avisa at denne krisa vil føre til langsiktige smertefulle tiltak, der den offentlige sektoren vil svi mest. Konkurranssevnen, strukturen i institusjonar og oppfatningar i politikken vil endre seg. Dermed finnes det ingen kortsiktlige løysningar, men vedvarande systematisk arbeid. Probleme som førte Hellas inn krisa er viktige å finne og løyse, og desse vil både vere vanskelig og smertefulle endringar for alle grekarar. Grekarane må endre holdinger og tenke nytt, og dette vil vere det mest smertefulle og banebrytende endringen.<sup>107 108</sup>

Politisk stiller avisen Kathimerini seg bak EU og meiner tidlegare regjeringspartier har ødelagt landet. Blant anna er det ein artikkel som opplyser lesarane om at ulike partier skylder bankane forsatt pengar. Blant anna skylder tidlegare regjeringspartiet PASOK over 25 millionar euro til ulike banker. Det andre store partiet i 2000-talet, Nytt Demokrati, har

---

<sup>101</sup> Kathimerini (29.04.2010) *120 bn. for three hard years*

<sup>102</sup> Kathimerini. (28.04.2010). *An increase in unemployment*

<sup>103</sup> Kopsini Christina. Kathimerini. (21.04.2010)

<sup>104</sup> Kopsini Christina, Kathimerini. (08.04.2010)

<sup>105</sup> Kathimerini. (28.04.2010) *The challenges for economic policy*

<sup>106</sup> Nikas Sotiris. (13.04.2010)

<sup>107</sup> Kathimerini. (28.04.2010). *The crisis requires long and persistent effort*

<sup>108</sup> Kotofolou Yiannis. (18.04.2010)



også store lån forsatt ubetalt. Det blir nemnt i artikkelen at ordningen i Hellas gir feil signal til folk. Når partier tar opp lån for å markedsføre seg bedre under valgkamper, vil det gi eit signal at ein kan ta opp lån uten å betale tilbake. I andre land er det andre ordningar som ikkje innebærer lån, men meir fordeling og private innskudd. <sup>109</sup>

Politisk nemner dei også 12 måtar PASOK øydela landet på 6 månadars periode. Dette gjelder året 2009 då dei skulle håndtere krisen, men som feila totalt. Regjeringspartiet frå den perioden får gjennomgå i denne artikkelen, derdei ramse opp 12 ulike feilskjer som var katastrofale. Politiske avgjeringar tok lang tid og dei fokuserte på feil ting. Økonomisk så økte gjelda på den tida, der dei prøvde seg på ei rekke finansielle “akrobatiske” tiltak med å redde seg inn. Eit eksempel på dette er at avgiftsdirektoratet auka prisen på blyfri bensin uten å regne med vingingar i markedet og spekulasjonar. Dette førte til at Hellas vart det nest dyraste landet i Europa når det gjelder bensin. I tillegg var dei svært lite delaktive å formidle kva som skjedde politisk med EU, og ikkje minst korleis dei skulle redde økonomien. Det å holde kjeft var viktigare for partiet, ettersom dei bade regjerte over ei lengre periode under 2000-talet som var katastrofal, men også for å beholde sin status som viktig og stort parti. Dette motstrider i forhold til demokratiet, der media ikkje får informasjon om kva politiske prosessar som foregår i lukkande dørar. <sup>110</sup>

Kathimerini er positive til dei fleste endringene som Hellas må gjere, men er negative til at folket i Hellas skal betale prisen for det. I eine artikkelen nemner avisa bakdelen med desse tiltakene. Ettersom gjelda aukar til den greske staten gjennom pakkene, vil samtidig også inntektene falle på grunn av kuttene. Gjelda vil komme opp mot 150% av BNP, noko so mi seg sjølv ikkje er forsvarleg. Inntektene blir kutta fordi folk mista jobbene sine, minke lønningene/pensjonen, i tillegg til at staten må gi trygd til dei som mistar jobbene sine. Altså ein evig dårlig rundgang som kun kan forebdrast ved å skape nye riktige arbeidsplassar som EU krever. Hellas blir meir konkurransedyktig i lengden, men kjem til å slite på grunn av dei sosiale problemene som den økonomiske nedgangen vil føre til. <sup>111</sup>

---

<sup>109</sup> Kalliris Fotinis. (30.05.2010)

<sup>110</sup> Staikoura. K. Xristou. (11.04.2010)

<sup>111</sup> Kathimerini. (18.04.2010) *The magic figure of Greek economy*

Om det blir suksess eller ikkje med desse tiltakene, kjem heilt an på Hellas sin vilje til å endre seg på, både politisk og kulturelt. Samtidig er krisa også EU sin feil, gjennom at det har vore mangel på disiplin av medlemslanda, men også på grunn av EU sin mangel på politisk kontroll og styring. Hellas får skylda, og må betale for det, noko som gir negative signal til andre land som sliter. Gjennom at markedet blir særskilt enkel for utenlandske selskaper å komme inn på grunn av kutta, vil det svi ekstra hardt for Hellas. Landet mistar dermed også sitt indre økonomiske marked ved at greske selskapar forvinner på grunn av krisen.<sup>112</sup>

Andre pakke vart underskriven i ei periode der dei såg Hellas trengte ny kapital dei neste åra for å klare å gjennomføre dei smertefulle institusjonelle tiltakene som EU krevde. Ettersom kutta i offentlig sektor vart såpass store, var EU nøydte til å sponse Hellas under denne rofarmasjonen av landet sin økonomi. Det interessante med denne pakken, er at den vart signert i 2010, men skulle iverksettast først no. Omtrent to år har gått, og både landet og folket innad har lidd under sparetiltakene og reformene i økonomien.

Kathimerini er for det meste nøytral i denne perioden også. Dei kjem med grunnlegande informasjon til folket, der dei forklarar at ny kapital vil strøyme inn i landet frå slutten av mai 2012. Denne pakken hadde som formål å hjelpe Hellas økonomisk i perioden 2013-2014. Nye kutt i pensjonen, sosiale velferdsgoder, sikkerhet/forsvarsutgifter, medisiner/sjukehus, samtidig som det må foregå ei rekonstruksjon av sentrale og lokale styringsorgan for å forbedre byråkratiet, var hovudkrava for at Hellas skulle få desse pengene. I tillegg skal Hellas prøve å legge opp til meir privatisering, der bedrifter kan bygge seg opp og bli konkurransedyktige. Gjennom perioden til første pakken, auka arbeidslausa 44,1%(år 2010-2011).

Med desse reformene vil Hellas vere tilbake i vekst, og kunne bruke overskuddet til å forbedre offentlige tjenester igjen. Arbeidslausa vil vere på same nivå i 2013 (ca 17-18%), men den vil byrje å minke i 2014 (spådd rundt 16,7%). I 2014 vil Hellas kunne vere tilbake i vekst, og igjen kunne bruke IMF som hjelp. Fleire artikler, både i Kathimerini og TO

---

<sup>112</sup> Kotofolou Yianni. (25.04.2010)

Vima, meiner auka liberalisering og privatisering vil auka inntektene i landet på sikt. Investorene frå utlandet kan komme til Hellas og prøve å investere sjølv, men den beste løysninga er at Hellas klarar å få i gang deira eigen privar marked med greske grunderar.<sup>113</sup>  
114 115 116

Usikkerheita rundt økonomien merkast også på turismen i Hellas. 2012 byrja dårlig i denne sektoren, med nedgang i bestillingar på heile 15% sidan i fjor på same tid. Dette kjem av negative publisitet meiner Kathimerini. Spesielt land som Tyskland, Østerrike og Nederland er negangen på ca 30%, medan Skandinavia, Belgia, England og Italia er nedgangen på ca 10%. Dette betyr at turistene avventer meir til sommaren før dei bestiller, ettersom usikekrheiter i økonomien også pregar desse landa. Tur-operatøren Thomas Cook uttalte at spesielt tyskarane frykta å ta turen til Hellas ettersom dei følte Tyskland var hovudansvarlige i den økonomiske nedgangen for Hellas. I Athen har 1/3 av alle forretninger i rundt turistområdet i Athen har gått konkurs (29,6%) . Dette er på grunn av optøyer som som foregår i sentrum av Athen, ved regjeringsbygget i Syntagma.<sup>117</sup>

I disse artiklene kjem begge avisene med dystre økonomiske tall, og gjennom nye innstrammingar vil også folk merka det enda meir. Målet er som sagt å gjere Hellas meir konkurransedyktige både på verdsbasis, men først og fremst i forhold til andre EU land. Dette var noko eg såg nermare på i kapittel 5 då eg såg nermare på den greske økonomien. Eine artikkelen i To Vima kjem med at tyske industriselskaper ofte har sett ned på gresk industri, at den er gammeldags og lite konkurransedyktig. Spesielt innad elektronisk industri. Denne artikkelen kan vere ei form for tankevekker for gresk befolkning der dei generelt er veldig gammeldagse når det gjelder elektronisk bruk. Eksempel på det kan vere internettbruken i Hellas, som er såpass beskjeden som 64,8 %. Norge har for eksempel 98,5 prosent. Tyskland på 88%. Hellas er bak land som Makedonia og Libanon, og på samme nivå som Albania.<sup>118 119</sup>

---

<sup>113</sup> Tovima. (15.04.2012)

<sup>114</sup> Karadima Sofia (15.03.2012)

<sup>115</sup> Nika Sotiris (13.03.2012)

<sup>116</sup> Tovima (14.03.2012) *FT Deutschland: The haircut does not put an end to the crisis. The bankruptcy of Greece within the euro zone is the lesser evil*

<sup>117</sup> Kathimerini (11.03.2012) *Why Germans are afraid to come this year for vacation*

<sup>118</sup> Tovima (14.03.2012)

<sup>119</sup> Internetlivestats. (2016)

I avisen To Vima vart konkurransedyktigheit og kampen om vekst i eurosonen tatt opp. Angela Merkel sine meiningar vart tatt opp, der ho argumenterer at krisa i eurosonen enda ikkje er over, og av økonomisk vekst er avhengig av auka konkurransekraft. Dette er ikkje berre for å komme seg på føttene igjen økonomisk, men også for å kunne konkurrere globalt mot dei meir framvoksende økonomiene. Det krever samla løysningar som både dei meir konkurransedyktige landa i nord og dei sør må vere med på. Solidaritet og fiskal disiplin i dei neste årene er nøkkelen til å styrke samholdet i eurosonen. Artikkelen er ikkje berre eit eksempel på å vere informativ, men også framoverretta. Dette kjem eg tilbake til seinare. <sup>120</sup>

### 8.3 SAMMENDRAG AV POLITISK OPINION

I denne delen har eg prøvd å sjå på korleis to av landet sine største aviser, Kathimerini og To Vima, har sett på dei to første sparetiltaka som vart gjennomført i Hellas. Eg har sett på dei økonomibaserte artiklene, og har samla nokre konklusjonar rundt det. Dei artiklane eg har brukt som kilder er berre eit fåtall av dei eg har lest og valgt å bruke.

Eg har fått eit bilete av at desse to avisene for det meste stiller seg nøytrale, er informative. Samtidig har dei evnen til å stille kritiske spørsmål rundt det EU krevar av Hellas. Det er mange sparetiltak som rammar den greske vefolkninga hardt, spesielt pensjonene som var i spesielt gode før krisa. Etersom eg har sett på dei økonomiske artiklane til avisene, kan alle med politisk og nyheitsinteresserte personen trygt sei at det har skapt politisk uro i Hellas. Opptøyer, politiske partier i ytterfløyene har vunnet fram i målinger osv. Grekarane er frustrerte med situasjonen, og har valgt å utrykke seg slik. Avisene, bade Kathimerini og Ta Nea, meiner eg er ganske så nøytrale på situasjonen i Hellas. Dei tar for seg både EU og dei greske politakarane sine meiningar på ei konstruktiv måte.

---

<sup>120</sup> Tovima (13.03.2012) *Monty - Merkel : Do not allow us to relax*



### 9 AVSLUTNING

#### 9.1 EIN ØKONOMI SOM IKKJE ER FULLKOMMEN

Ustabiliteten i landet har utvikla seg heilt sidan byrjinga av 1980-talet. Landet har gått i underskot over 8% gjennom heile 80-talet, og 10% gjennom 90-talet og 2000-talet. Kvifor har ikkje landet klart å stabilisere økonomien gjennom heile denne perioden? Økonomien er rett og slett ikkje egna til å håndtere det moderne økonomiske verden. OECD kom med ein rapport juni 2012 der dei forklarte problemene på ein god måte. Hellas var svake i politisk, juridisk og sosial styring, noko som gjorde landet svært dårlige til å håndtere økonomien sin på ein god måte. Mitsopoulos og Pelagidis argumenterer også at Hellas er svake i politisk styring, finansmiljø og korrupsjon. Heldigvis er Hellas på bedre veg når det gjelder korrupsjon, der dei detter ned på lista over dei mest korruperte landa i verden, 35 plass i 2000- 77 plass i 2010.<sup>121</sup>

Korleis kan eit land under EU, med press frå eurosone, unngå å implementere dei mest grunnleggnde reformene gjennom eit 10 år-periode? Eit godt eksempel på dette, er pensjonforholda i landet. Fram til 2009 , skulle pensjonen erstatte 97% av den endelige inntekta som arbeidaren hadde når han jobba. Dette er det høgaste tallet blant alle høginntektsland i følge tall frå OECD som vart utgitt i 2009. Pensjonen var 12% av BNP i 2009, og den er forventa til til å nå heile 24% av BNP fram mot år 2050. Dette er både pga utflytting og pga ei eldrebølge som vil treffe landet hardt dei nermaste tiårene. I tillegg var systemet svært dårlig byråkratisk styrt, med heile 236 separate pensjonsfond i år 2003. Systemet var også svært ujevn ettersom dei offentlige ansatte fekk mykje bedre pensjonsvilkår enn dei private.<sup>122</sup>

Heilt sidan 1990-talet har Hellas vorte pressa for å gjere noko med pensjonsforholda i landet, men det virkar som dei ikkje var politisk motiverte til å gjere noko med det. Fleire gongar har det vorte tatt opp, spesielt i oppstartinga til eurosamarbeidet. I 2001 ville EU prøve igjen at Hellas skulle godta ei avtale som vart først tilbuddt i år 1958, nemnleg å auke

---

<sup>121</sup> Villaverde, Garicano, Santos 2013, s 159

<sup>122</sup> Villaverde, Garicano, Santos 2013, s 160

pensjonsalderen, minske beløpet pensjonenerstatninga i forhold til lønn ned til 60%, og særreglane for at mødre kan pensjoneres tidlegare pga barn i små alder. Dei vart igjen ikkje tilverksatt pga at folk protesterte og streika, og dermed vart ikkje denne viktige reformen tilverksatt før det var for seint.<sup>123</sup>

### 9.2 KONSEKVENSENE AV FINANSKRISA

Når me skal byrje med å forklare konsekvensane av finanskrisa, kan det vere greit å nemne at IMF i ettertid har tatt sjølvkritikk angående sparepolitikken som har blitt gjennomført i Hellas. Krisepakka til 110 milliardar lånte euro som EU og IMF satte i gong ovanfor Hellas i 2010, skulle eigentleg få i gang den greske økonomien. I følge evalueringa i juni 2013 visste det seg at Hellas ikkje kunne ta opp nye lån, fordi dei allereie ikkje kunne handtera den eksisterande. IMF godkjente lånet, og ikkje før to år seinare fann dei ut at dei skulle slette gjelda, noko som var for seint for Hellas. Skattebetalarane måtte ta skylda i form for kutt i offentleg sektor.<sup>124</sup>

Kreditorane feilberekna også kor alvorleg kutt- og sparepolitikken ville virka. Då krisa vart verre enn tenkt, slakka ikkje dei på krava, men stramma dei endå meir. Hellas økonomi visar seg at viss tidsfrista var lenger, kunne dette ha forbetra situasjonen. Dette var det altfor stor motstand av i eurosone. I følge av Simon Tilford som er sjefsøkonom i Centre for European Reform meiner at sjølv om staten Hellas var dårleg styrt og organisert, så vil ikkje situasjonen bli betre av å gjere Hellas til gjeldslave.<sup>125</sup> Brutto nasjonalproduktet har synka med heile 25%, og 35% av grekarane lever under fattigdomsgrensa. Hellas har rett og slett nådd botnen. Grunnen til at fattigdommen har auka så mykje dei siste åra, er mykje på grunn av alle dei offentlege kutt som Hellas måtte gjere for å kutte kostnadane. Inntektene til folk har blitt redusert til 1970-nivå, og arbeidsledigheita er over 27,5%. Det mest dramatiske er at ledigheita er på over 60% av dei unge under 25 år som ikkje studerer eller avtener verneplikta. Når slike økonomiske problem henger over folk, har det ført til andre ringvirkningar. Blant anna har antall fødsjar minka betrakteleg, og stor straum av

---

<sup>123</sup> Villaverde, Garicano, Santos 2013, s 160

<sup>124</sup> Elliasen Ingeborg. 2013

<sup>125</sup> Elliasen Ingeborg. 2013

unge grekarar kjem til å prøve lykken i utlandet. Dette har ført til den verste demografiske krise i Hellas sidan Tyskland og Italia invaderte landet i 1941.<sup>126</sup>

Samtidig kan også eg med mine greske genar, forstå kvifor økonomien til Hellas blir overstyrtd av EU. Hellas sine politikarar har ikkje berre feila med å forbedre den økonomiske tilstanden i løpat av eurosonen sin eksistens, men faktisk forverra den. Det var forventa at når statane hadde mindre økonomisk kontroll, skulle ikkje kunne motstå reformene som vart påkreva av eurosonen. Istadenfor, vart den økonomiske boomen som mange statar opplevde ved å innføre euro, heller brukt til å auke lønningar og forverre konkurranseevnen.

Den økonomiske tilbakegangen til grekarane har ført til ei politisk endring i Hellas. Kven har ført Hellas i djup krise? Folk var sjølvsgt misfornøyde med situasjonen, og dette får gå utover den to-partisystemet<sup>127</sup> som Hellas hadde i fleire tiår. Den vanskelege innarikspolitiske situasjonen har gjort det at radikale krefter på begge sidar av det politiske spektrum har auka. Den radikale vesntrealliansen Syriza har no gått forbi Nytt Demokrati som landets største parti, og visar at folk tenkjer på dei sosiale problemene som herjar landet.

I ettertid har det faktisk vist seg at Hellas vil ha ei økonomisk vekst på 0,6 % i året 2014. Dette har ført til at EU stolar meir på Hellas<sup>128</sup>, og landet har faktisk klart å komme til eit punkt der ting kan gå betre. Det forventast at Hellas vil minke statsgjelda frå 175% til 124% fram mot 2020. Problemet er korleis EU og Hellas skal løysa situasjonen med befolkninga, fordi det er jo faktisk dei som sliter.

---

<sup>126</sup> Aale Kristian Per. 2014

<sup>127</sup> PASOK og NYTT DEMOKRATI

<sup>128</sup> Utenriksdepartementet. 2014.





### 10 KONKLUSJON

I ettertid av ei finanskrisa vil dei fleste av oss vere etterpåkloke, og komme med utsagn som kanskje ikkje er så enkle å løyse. Me kan iallfall seie oss ei einige med at Hellas hadde ei økonomi som ikkje var bærekraftig før finanskrisa. EU og IMF klarte til slutt å gi lån til Hellas viss dei i gjengjeld skulle kutte på dei offentlige utgiftene og den nasjonale gjelda. Ting verkar som det bedra seg i framtida når det gjelder gresk økonomi ettersom det vil vere ei liten vekst på 0,6% i år(2014). Det eg tenkjer på, er korleis befolkninga i Hellas vil takle denne tida. Det er ikkje tvil om at den greske befolkninga har fått merke krisa, og moglegens vil store delar av unge grekarar forflytte seg til andre delar av Europa for å prøve lykken for ei betre liv.

Som eg har vore inne på i hovuddelen min, så hadde Eurosonen klare institusjonelle og organisatoriske problem før finanskrisa. Det var ingen klar styringsorgan, og Euroen viste seg å ligge på eit nivå som passar best Tysk økonomi, evt meir velfungerende økonomier i nord. Det har skjedd nokre endringar i EU når det gjelder organisering og tiltak for å sikre dei nasjonale økonomiane innafor EU på ei betre måte, og forhåpentleg vis vil dette føre til ei betre styring og kontroll.

Slik som Krugman argumenterte, så kunne kanskje Hellas klart seg betre om dei hadde tatt vare på den same økonomien som dei hadde før dei enorme offentlege kutta som Hellas måtte gjennomgå. Med nokre endringar i den greske økonomien, kunne Hellas på nokre års periode klart å komme seg på beina igjen. Dette var ikkje aktuelt på det tidspunktet på grunn av at EU hadde ei anna form for politikk, som støtta opp Reinhart og Rogoff sin teori med kutting av gjelda og offentlige utgifter. Blant anna IMF har i ettertid tatt sjølvkritikk og konstatert at det var ein feilslått politikk. Samtidig kjem Phelps med konkrete ting som Hellas har feila med, blant anna store institusjonelle problem. Økonomiske nedgangen i landet kjem ikkje berre på grunn av kutt i offentlige utgifter, men også mangel på innovasjon og forbedring i finanssystemet i Hellas. Kulturen rundt økonomisk og politisk styring må endres i Hellas, samt prøve å skape økonomisk vekst ved forbedring i finanssektoren og at investorene tør å etablere seg i landet.

Eg meiner alle teorier er inne på noko som tar opp hovudproblemene i økonomien i Hellas, samt sparetiltaka. Spesielt Phelps som tar for seg dei elementere problemene til Hellas, pensjonen, lønninger, innovasjon osv, meiner eg er dei største grunnane for den skakkjorte økonomien til Hellas. Ettersom konkurransekrafta var såpass svak før krisa, er Hellas nøydtt til å gjere noko med både den statlege økonomien, men også den mikroøkonomiske for å skape ei bærekraftig økonomi.

Krugman er svært skeptisk til kuttepolitikken som vart utført i Hellas, økonomisk sett. Eg støttar denne teorien kun på grunn av at den vanlige grekaren kunne hatt det betre da. Økonomisk sett meiner eg han belyser kun det store biletet, og ikkje tar for seg dei grunnleggande problemene til Hellas slik som for eksempel Phelps legg fram. Reinhart og Rogoff nemnte at gjeld er eit stort problem og at kuttepolitikk er ein av nøklene til å fjerne gjelda på og bygge på nytt økonomien. Eksempelet og fasiten på ei god kuttepolitikk, såg vi med dei baltiske landa. I tillegg til god konkurransekraft gjennom lave lønninger og produktive arbeidarar, har landa institusjonelle eigenskapar som overgår PIIGS-landa.

Dermed må Hellas som eg har sett nermere på, belage seg på å måtte måle seg mot dei aust-europeiske statane for å forbedre sitt økonomi på. Det er ein brutal start gjennom kuttepolitikk og nye reformar, fordi det går utover folka i landet. Dei institusjonelle problemene innad landet er vanskeligare å få orden på, ettersom det kreves politiske, kulturelle og ikkje minst meir effektive løysningar for å nå dei. Det kan ta fleire tiår å få orden på desse problemene. På lang sikt meiner eg den greske befolkninga ikkje vil takle det, og potensielle gjeldssletting i og oppmjukning av reformene må vere ei mogleg løysning på det. Ein får ikkje utvikling i eit land om befolkninga ikkje gar jobb og ikkje bruker penger.

Dermed kan eg konkludere emd at det ikkje finnes enkle kortisttunge løysningar på krisa i Hellas. Situasjonen kan muligens forbedrast på kort sikt ved kutt i gjeld og litt mjukare krav frå EU, men samtidig er dette ikkje noko som gjer Hellas bedre på lang sikt. Reformene som EU kjem med er kanskje vanskelige å implementere no i dei vanskelige tidene, men eg meiner at på lang sikt vil dei fungere som grunnlag i ei moderne gresk økonomi. Er me positivt framtidssretta, kan me sei at det er bra Hellas inngår desse

reformene, fordi det vil føre til eit meir effektiv økonomi. Statane må kunne samarbeide med kvarandre også når det gjelder å samkjøre felles politikk, noko som ikkje kan seiast at det er no. Det har skjedd endringar i eurosone under krisa, men ytterligare overnasjonalitet krevjast om det skal fungere meir effektivt.

Det som også manglar i EU, er at befolkninga må byrje å sjå på seg sjølve som europearar. Nasjonalfølelsane må bort, og EU må fungere på omtrent same måte som Tyskland var første åra etter samanslåinga mellom Vest og Aust-Tyskland. Den fattigare delen må løftas fram, og då må den rikare delen belaga seg på at dei skal vere med å hjelpe sine europeiske brødrar opp. Det vil vere ei stor tolmodogheitsprøve både for EU og Hellas. Eg håpar ein dag at EU skal klara å løfte dei fattigare delane av Europa opp, noko som ikkje kan seiast å ha fungert viss me ser gamle EU medlemmar som Spania, Portugal og Hellas.

Eurosonen er fortsatt i utviklingsfasen, og me ser at gjennom finanskrisen har det dukka nye institusjonar og reformar som skal styrke eurosone. Me ser også at Hellas har godtatt reformene som krevdes av EU, noko som visar at suverenitet til landa i eurosone har vorte svekka. Dette er positivt sett på lengre sikt, der overnasjonalitet førar til betre styring og kontroll.

Begrensingar med oppgåva kan vere at den kanskje ikkje går djupt nok i enten økonomi, politikk eller institusjonelt. Min oppgåva skulle først og fremst handle om å sjå finanskrisa med vidt syn. Eg ønskte å sjå på krisa med EU sine vinklar, andre medlemland sine, og ikkje minst om Hellas kunne klandrast i deira gjeldskrise.

Vidare forskning kan vere å komme djupare inn i stoffet. Enten ved å studere og analysere den greske økonomien enda meir, eller fokusere enda meir på politisk opinion i Hellas. Eg kunne for eksempel ha tatt for meg alle pakkene som har vorte signert, og ikkje berre dei to første. I tillegg kunne det vorte diskutert sommaren 2015 der Tsipras med Syriza prøvde å mjukne opp pakkene før dei signerte på nye. Dermed kan det vere aktuelt å sudere maktkampen EU-Hellas eller evt EU-statsuverenitet. Korleis har det utviklinga i suverenitet og overnasjonalitet utvikla seg, og korleis kan EU utvikle seg vidare?

## 11 LITTERATURLISTE

Aale Kristian Per (4/5/2014) Aftenposten. *Folketallet i Hellas stuper*

Henta: <http://www.aftenposten.no/okonomi/article7551655.ece#.U3jSXl73o49>

Lest: 4/2/2016

Austvik, Ole Gunnar; Bredeesen, Ivar; Vårdal, Erling (2002): Internasjonal handel og økonomisk integrasjon. Oslo: Gyldendal Akademisk

Baldwin Richard/Wyplosz Charles (2012): *The Economics of European Integration*, 4 edition, McGraw-Hill

Batilossi Stefano, Foreman-Peck James, Kling Gerhard (2008)

European Business Cycles and Economic Policy, 1945-2007. Working Papers in Economic History, Universidad Carlos III De Madrid

Henta: [http://e-archivo.uc3m.es/bitstream/handle/10016/2990/wp\\_08-](http://e-archivo.uc3m.es/bitstream/handle/10016/2990/wp_08-13.pdf;jsessionid=DB4BB9E438ED11FE5F6EC25532C8F10D?sequence=1)

13.pdf;jsessionid=DB4BB9E438ED11FE5F6EC25532C8F10D?sequence=1

Lest: 20/3/2016

Businessinsider. Blodget Henry. The Economic Argument Is Over — Paul Krugman Has Won. April. 24, 2013

Henta: <http://www.businessinsider.com/paul-krugman-is-right-2013-4>

Lest: 23/4/2016

Brekke Bo. NRK. *Mangel på industri forlenger krisen i Sør-Europa*. Publisert

19.12.2013 Henta: [http://www.nrk.no/fordypning/industridod-forlenger-krisen-](http://www.nrk.no/fordypning/industridod-forlenger-krisen-1.11396459)

1.11396459

Lest: 14/2/2016

Cassidy John, New Yorker, april 2013, The Reinhart and Rogoff controvers summing up

Henta : <http://www.newyorker.com/news/john-cassidy/the-reinhart-and-rogoff-controversy-a-summing-up>

Lest: 18/4/2016

Claes, D.H., Hveem, H. & Tranøy, B.S. (2012): *Global økonomi, krise og politisk styring* (utg 2), Oslo: Universitetsforlaget

Claes, Dag Harald og Tor Egil Førland (2010): *EU mellomstatlig samarbeid og politisk system*. Oslo: Gyldendal

Elliasen Ingeborg(21/6/2013) Aftenposten. *IMF tar selvkritikk for sin rolle i den greske krisen*.

Henta: <http://www.aftenposten.no/nyheter/uriks/IMF-tar-selvkritikk-for-sin-rolle-i-den-greske-krisen-7236421.html#.U3jSR173o49>

Lest: 2/2/2016

European Commission.

Responding to the financial crisis. Last update : 9/4/2014

Henta:[http://ec.europa.eu/economy\\_finance/explained/the\\_financial\\_and\\_economic\\_crisis/responding\\_to\\_the\\_financial\\_crisis/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/economy_finance/explained/the_financial_and_economic_crisis/responding_to_the_financial_crisis/index_en.htm)

Lest: 2/3/2016

Assisting countries in trouble. Greece. Last update 9/4/2014

Henta:[http://ec.europa.eu/economy\\_finance/explained/the\\_financial\\_and\\_economic\\_crisis/assisting\\_countries\\_in\\_trouble/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/economy_finance/explained/the_financial_and_economic_crisis/assisting_countries_in_trouble/index_en.htm)

Lest: 2/3/2016

European Commission (2015) *AMECO database*. Henta:

[http://ec.europa.eu/economy\\_finance/ameco/user/serie/SelectSerie.cfm](http://ec.europa.eu/economy_finance/ameco/user/serie/SelectSerie.cfm)

Eurofound, Eurwork, 2013, Greece: The representativeness of trade unions and employer associations in the textile and clothing sector

Henta : <http://www.eurofound.europa.eu/observatories/eurwork/comparative-information/national-contributions/greece/greece-the-representativeness-of-trade-unions-and-employer-associations-in-the-textile-and-clothing>

Lest: 11/3/2016

Economistview. Paul Krugman. Greece as victim. 18/6/2012

Henta: <http://economistview.typepad.com/economistview/2012/06/paul-krugman-greece-as-victim.html>

Lest: 16/2/2016

Internetlivestats. (2016) *Internet Users by Country*.

Elaboration of data by *International Telecommunication Union (ITU)*, *United Nations Population Division*, *Internet & Mobile Association of India (IAMAI)*, *World Bank*.

Henta : <http://www.internetlivestats.com/internet-users-by-country/>

Lest : 2/4/2016

International Monetary Fund(2015) *World Economic Outlook Database*. Henta:

<http://www.imf.org/external/pubs/ft/weo/2015/01/weodata/index.aspx>

Karadima Sofia (15.03.2012). ToVima.

*Greek-German Chamber: " Give Greece a chance"*

Henta: <http://www.tovima.gr/finance/article/?aid=448607&wordsinarticle=>

Lest: 20/3/2016

Kalliris Fotinis. (30.05.2010). Kathimerini. *PASOK owe 130 mill. Euro*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/394750/article/epikairothta/politikh/130-ekat-eyrw-xrwstoy-n-pasok---nd>  
Lest: 21/3/2016

Kathimerini. (28.04.2010). *An increase in unemployment*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/391820/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/provlepetai-ay3hsh-ths-anergias>  
Lest: 21/3/2016

Kathimerini. (28.04.2010) *The challenges for economic policy*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/391816/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/oi-proklhseis-gia-thn-oikonomikh-politikh>  
Lest: 21/3/2016

Kathimerini. (28.04.2010). *The crisis requires long and persistent effort*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/391793/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/h-krish-proupo8etei-polyeth-kai-epimonh-prospa8eia>  
Lest: 21/3/2016

Kathimerini. (18.04.2010). *The magic figure of Greek economy*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/390891/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/h-magikh-eikona-ths-ellhnikhs-oikonomias>  
Lest: 22/3/2016

Kathimerini. (29.04.2010). *120 bn. for three hard years*

Henta: <http://www.kathimerini.gr/391857/article/epikairothta/politikh/120-dis-gia-tria-sklhra-xronia>  
Lest : 22/3/2016

Kathimerini (11.03.2012) *Why Germans are afraid to come this year for vacation*

Henta : <http://www.kathimerini.gr/452677/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/giati-oi-germanoi-fovoyntai-na-er8oyn-fetos-gia-diakopes>  
Lest : 22/3/2016

Kopsini Christina. Kathimerini. (21.04.2010). *In addition 101 440 unemployed in a year , to 11.3 % unemployment in January*

Henta : <http://www.kathimerini.gr/391103/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/epipleon-101440-anergoi-se-ena-etos-sto-113-h-anergia-ton-ianoyario>  
19/3/2016

Kopsini Christina(08.04.2010) Kathimerini. *220,000 jobs lost in 2009 according to the APR*

Henta : <http://www.kathimerini.gr/389891/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/xa8hkan-222000-8eseis-ergasias-mesa-sto-2009-symfwna-me-to-sepe>  
Lest: 19/3/2016

Kotofolou Yiannis. (18.04.2010). *Euroland*

Henta : <http://www.kathimerini.gr/390966/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/euroland>  
Lest: 19/3/2016

Kotofolou Yianni. (25.04.2010). Kathimerini. *Euroland*  
Henta : <http://www.kathimerini.gr/391643/article/oikonomia/ellhnikh-oikonomia/euroland>  
Lest: 19/3/2016

Krugman, Paul (2012): *End This Depression Now!* New York: W.W. Norton & Company

Lenskyj.H & Wagg S. (2012) *The Palgrave Handbook of Olympic Studies*. Pelgrave Macmillan UK

Malkoutzis Nick (2/8/2012) Businessweek. How the 2004 Olympics Triggered Greece's Decline. Henta: <http://www.businessweek.com/articles/2012-08-02/how-the-2004-olympics-triggered-greeces-decline>  
Lest: 19/3/2016

Moravcsik, Andrew. 1993. Preferences and Power in the European Community: A Liberal Intergovernmentalist Approach. Harward University. s. 474  
Henta : <http://www.eustudies.gr/wp-content/uploads/2012/03/Moravcsik-JCMS-1993.pdf>  
Lest: 15/2/2016

Open Democracy, Tsakalidou Ilektra, 7/4/2014  
Henta : <https://www.opendemocracy.net/can-europe-make-it/ilektra-tsakalidou/can-greek-textile-industry-be-driver-for-growth>  
Lest : 23/3/2016

Organisation for Economic Co-operation and Development(2015) *OECD Data* . Henta: <https://data.oecd.org/>

Overtveldt, J. van (2011). *The end of the Euro: The uneasy future of the European Union*. Chicago: Agate Publishing.

Phelps Edmund(4/9/2015) Project Syndicate. *The Foundations of Greece's Failed Economy*  
Henta: <https://www.project-syndicate.org/commentary/foundation-of-greeces-failed-economy-by-edmund-s-phelps-2015-09>  
Lest : 14/4/2016

Phelps Edmund(13/7/2015) The World Post. *Why Debt Relief Won't Solve Greece's Problems*  
Henta: [http://www.huffingtonpost.com/edmund-s-phelps/debt-relief-greece-problems\\_b\\_7781624.html](http://www.huffingtonpost.com/edmund-s-phelps/debt-relief-greece-problems_b_7781624.html)  
Lest : 14/4/2016



Pollin Robert and Ash Michael (April 17, 2013) Financial Times.. Austerity after Reinhart and Rogoff

Henta: <http://www.ft.com/intl/cms/s/0/9e5107f8-a75c-11e2-9fbe-00144feabdc0.html?siteedition=intl#axzz318RhuySN>

Lest: 12/1/2016

Regjeringen . Finansdepartementet. 2011. *Bedre rustet mot finanskriser*. Finansdepartementet.

Henta: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/nouer/2011/nou-2011-1/4/4.html?id=631169>

Stark, Jürgen, Bank of International settlements : Monetary policy before, during and after the financial crisis, 9/11/2009. Monetary policy before the financial crisis of 2007. s 1-3.

Henta: <http://www.bis.org/review/r091113e.pdf>

Sinn, Hans Werner (2014). *The Euro Trap, On Bursting bubbles, budgets, and beliefs*. Oxford University Press

Tollersrud Tore. NRK. *Den europeiske gjeldskrisen på 2 minutter*. Sendt: 01. jan 2012

Henta: <http://www.nrk.no/skole/klippdetalj?topic=nrk:klipp/818667>

Lest: 10/1/2016

Utenriksdepartementet. 2014. Sist oppdatert : 15/1/2014

Henta: <http://www.landsider.no/land/hellas/fakta/politikk/>

Villaverde - Jesus Fernandez, Garicano Luis, Santos Tano (2003)

Political Credit Cycles : The Case of the Euro Zone, *Journal of Economic Perspectives* 27 (3), s 145-166

Henta : <http://pubs.aeaweb.org/doi/pdfplus/10.1257/jep.27.3.145>

Wikipedia. *Edmund Phelps*

Henta : [https://no.wikipedia.org/wiki/Edmund\\_Phelps](https://no.wikipedia.org/wiki/Edmund_Phelps)

Wikipedia. *To Vima*

Henta: [https://en.wikipedia.org/wiki/To\\_Vima](https://en.wikipedia.org/wiki/To_Vima)

Wikipedia. *Kathimerini*

Henta : <https://en.wikipedia.org/wiki/Kathimerini>

4International Media & Newspapers. *Top Newspapers in Greece – by 2016 Newspaper Web Ranking*

Henta: <http://www.4imn.com/gr/>

